

Jølster kontrollutval

SEKOM-sekretariat

www.sekom.no | post@sekom.no

Møteinnkalling

Møtedato: 17.12.2014
Møtestad: Jølster kommunehus, møterom 1
Møtetid: Kl. 09:00

Innkalling: Faste medlemar i utvalet, rådmannen i sak 024/14,
revisor i sakene 024-026/14

Dersom du ikkje kan møte: Meld frå på e-post: arva@sekom.no
Audhild Ragni Vie Alme: mobil 971 70 064

Varamedlemar møter etter nærare innkalling.

Sakliste

Sak nr.	Sakstittel
022/14	Godkjenning av innkalling og sakliste
023/14	Skriv og meldingar
024/14	Forvaltningsrevisjon - Innkjøpsrutinar for Plan og Næring i Jølster kommune
025/14	Prosjektplan: Forvaltningsrevisjon - oppfølging av sjukefråvær
026/14	Orientering om rekneskapsrevisjon for 2014
027/14	Oppfølgingsliste 4-2014
028/14	Eventuelt

Med helsing

Audun Høyvik
Leiar

SEKOM-sekretariat

Saksgang Jølster kontrollutval	Møtedato 17.12.2014	Saksnr 022/14
--	-------------------------------	-------------------------

Sakshandsamar: Audhild Ragni Vie Alme	Arkiv: FE-	Arkivsaknr.: 14/350
---	----------------------	-------------------------------

Godkjenning av innkalling og sakliste

Vedlegg:

Ingen vedlegg i saka.

Tilråding:

(Kontrollutvalet gjer endeleg vedtak).

Innkalling og sakliste vert godkjent.

SEKOM-sekretariat

Saksgang Jølster kontrollutval	Møtedato 17.12.2014	Saksnr 023/14
--	-------------------------------	-------------------------

Sakshandsamar: Audhild Ragni Vie Alme	Arkiv: FE-033	Arkivsaknr.: 14/318
---	-------------------------	-------------------------------

Skriv og meldingar

Vedlegg:

Dok.dato	Tittel	Dok.ID
18.11.2014	KST-056/14 Tertialrapport 2-2014, handsama i kommunestyret 30.9.2014	877
18.11.2014	KST-060/14 Tilstandsrapport for grunnskule 2013, handsama i kommunestyret 30.9.2014	878
18.11.2014	KST-070/14 Risiko- og sårbarheitsanalyse for SIS-kommunane, handsama i kommunestyret 4.11.2014	879
18.11.2014	Helhetlig risiko- og sårbarhetsanalyse for Flora-Førde-Jølster-Gaular og Naustdal	880
28.11.2014	Beskytt kommunen! Håndbok i antikorrupsjon	978

Tilråding:

(Kontrollutvalet gjer endeleg vedtak).

Skriv og meldingar vert teke til orientering.



Saksutgreiing

SAKSGANG

Styre, utval, komite m.m.

Formannskapet

Kommunestyret

Møtedato

30.09.2014

30.09.2014

Saksnr

046/14

056/14

Sakshandsamar: Børge Tvedt	Arkiv: FE-210, FA-	Arkivsaknr 14/768
-------------------------------	-----------------------	----------------------

Tertialrapport 2 2014

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Kommunestyret tek tertialrapport 2 2014 til vitande.

Handsaming i Formannskapet 30.09.2014:

Formannskapet drøfta saka.

Rådmannen sitt framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

FSK-046/14 Vedtak:

Kommunestyret tek tertialrapport 2 2014 til vitande.

Handsaming i Kommunestyret 30.09.2014:

Formannskapet si tilråding vart samrøystes vedteke

KST-056/14 Vedtak:

Kommunestyret tek tertialrapport 2 2014 til vitande.

Saksutgreiing:

Tertialrapporten er rådmannen sin rapport til kommunestyret om status i drifta i rekneskapsåret. Rapporten omhandlar økonomi og status i høve målsettingar i verksemdsplan. Innleiingsvis kjem tabell med oppsummering av prognose for kvar eining. Leiargruppa rapporterer status på «10 på topp», før meir detaljert rapport frå kvar eining følgjer.

Prognosen viser underskot på 3,4 mill. kr. Einingane jobbar med å betre resultatet, og drifta synar betre tal enn i 1. tertial. Hovuddelen av det forventade underskotet skuldast lågare inntekt enn budsjettet. Utbyte frå Sunnfjord Energi vert venteleg på same nivå som i 2013. Kraftmarknaden har låge prisar, og dette gjev lågare inntekt frå konsesjonskraft enn budsjettet. Dette syner utfordringa med å nytte desse inntektene til drift. Skatteinntektene er lågare enn i både nasjonalbudsjett og revidert nasjonalbudsjett, og auken i skatteinntekt frå 2013 er pr august 2 % nasjonalt for kommunar. I statsbudsjettet var denne stipulert til 3,5%. I revidert nasjonalbudsjett var veksten justert til 3 %. KS anslår at skatteinngangen vil vere om lag 1,3 mrd. kr. under prognose i RNB.

Hovudoversyn rekneskap og prognose

Ansvar	Ansvar	Rekneskap pr April	Budsjett pr April	Prognose
120	Sentraladministrasjon	10 216 512	9 293 783	400 000
130	Kyrkja	1 197 500	1 596 667	0
200	Oppvekst og kultur felles	8 856 032	9 680 000	0
210	Skei skule	10 648 726	11 459 895	-400 000
211	Vassenden skule	17 763 058	17 653 521	875 000
250	Kulturskulen	664 564	596 226	150 000
270	Skei barnehage	3 083 811	2 732 654	0
271	Langhaugane barnehage	6 763 129	5 787 173	0
300	Helse og sosial felles	2 688 526	3 064 667	0
312	Helsestasjon	1 375 051	1 322 646	-87 000
313	Fysioterapi	785 298	729 633	20 000
320	Legetenesta	3 177 321	2 448 004	0
340	Psykisk helsevern	5 355 904	3 463 405	27 000
350	NAV sosialtenesta	8 302 443	6 390 361	138 000
351	Flyktningsbusetjing	-2 538 875	-452 430	-1 000 000
371	Heimetenesta Skei	3 881 526	4 339 976	-250 000
372	Skei bufellesskap	11 948 645	11 493 905	256 000
373	Heimly bufellesskap	6 226 728	4 570 144	-129 000
381	Heimetenesta Vassenden	3 448 975	3 835 141	-160 000
382	Vassenden busenter	8 383 591	8 708 548	53 000

400	Plan, næring, drift felles	787 057	53 323	0
510	Biblioteket	605 272	754 322	0
610	Plan og bygg	1 407 926	1 426 079	0
620	Drift/komtek avigftsområda	-1 377 954	-65 198	0
621	Drift og kommunalteknikk	6 812 245	7 036 157	285 000
650	Næring og miljø	1 386 498	1 383 429	100 000
900	Finansielle føremål	-120 529 311	-125 533 333	3 150 000
	Samla prognose			3 428 000

10 på topp

Punkt 10 på topp	Tiltak og framdrift	Status 1. tertial
Planrevisjon. Vi skal slutføre arbeidet med arealdel kommuneplan. Som del av arbeidet skal vi leggje fram linjeval for ny trasé for E 39 gjennom Vassenden. Vi skal leggje fram Interkommunal næringsplan for vedtak i kommunestyret.	Arealdel kommuneplan - Arbeidsgruppe etablert og konsulent engasjert for kommuneplan og linjeval E39. - Møte Fylkesmannen medio februar - Folkemøte E39 Moskog Vassenden medio februar - Møte styringsgruppa medio februar - Offentleg ettersyn april - Vedtak i kommunestyret i juni Interkommunal næringsplan - Utlekking til offentlig ettersyn vinter 2014 - Vedtak i kommunestyret i juni	Arealdel kommuneplan - Rapport linjeval E 39 Vassenden levert - Møte Fylkesmannen gjennomført - Folkemøte gjennomført - Styringsgruppemøte mai, tilrådd vidare handsaming - Planen har vore til offentlig ettersyn - Bearbeiding av innspel i administrasjon og styringsgruppe Interkommunal næringsplan - Handsama i SiS - Offentleg ettersyn gjennomført
Samhandlingsreforma / folkehelse Vi skal følgje opp samhandlingsreforma ved å ta del i interkommunalt samarbeid om kartlegging og vurdering av tenestetilbodet. Vi skal inngå avtale om interkommunalt samarbeid i høve øyeblikkeleg hjelp døgnet. Vi skal starte opp bygging av omsorgsbustader, sjukeheimsplasser og rehabiliteringsrom ved Skei omsorgssenter. Vi skal planleggje ombygging ved Vassenden bufellesskap Vi skal avklare framtidig organisering av helse- og omsorgstenestene og starte personalprosess.	- Vedtak interkommunal ØHD 1. kvartal - Sak til handsaming i kommunestyret 11.02.14 - Byggjstart Skei omsorgssenter mars - Oppstart planlegging ombygging Vassenden bufellesskap 1. kvartal - Avklare organisering helse- og omsorg 1. kvartal - Starte personalprosess så snart organisering er vedteke	Interkommunal ØHD - Vedtak i KST juni - Vidare interkommunalt prosjekt avklart Byggjstart Skei omsorgssenter 07.04.14 - Oppstart planlegging Vassenden omsorgssenter. Prosjektgruppe etablert - Utlysing av anbod prosjektering mai 2014 - Møte med Husbanken 29.09.14

Folkehelse Vi skal integrere folkehelsearbeidet i den kommunale drifta og etablere folkehelseråd.	- Etablere folkehelseråd - Avklare organisatorisk plassering av stilling som folkehelsekoordinator	Organisering: - Gjennomføring 01.10.14. - Personalprosess: Kriteria og kartleggingsskjema klart Folkehelse: - Etablert folkehelseteam juni - Organisatorisk plassering avklart - Folkehelse tema på politikardag og tenesteleiarsamling haust 29014
Plassbehov ved skulane og gymsalar / treningshall. Vi skal leggje fram saka for drøfting på politikardag.	- Greie ut moglege bruk til skuleføremål av Sogn og Fjordane fylkeskommune sin eigedom – Mo og Jølster vid. avd Vassenden - Drøfting politikardag 29.04.14 - Avklare mandat for vidare arbeid etter politikardag	- Rapport Asplan Viak 24.04.14 - Politikardag 29.04.14 - Mandat avklart - Forhandlingar med Sogn og Fjordane fylkeskommune om overtaking av eigedom.
Fornyingsarbeid. Vi skal arbeide aktivt med fornyingsarbeid med særleg fokus på: - Innkjøp - Kvalitetssystem	- Fortsatt fokus på nettside og sosiale media - Deltaking i interkommunalt prosjekt om e-handel - Vurdere elektronisk kvalitetssystem	- Tenestekontoret følger opp nettside og sosiale media 921 likar FB (863 pr 20.01.14) - e-handel. Prosjekt starta. Tenestekontoret og drift- og kommunalteknikk pilot - ikkje med i anbod elektronisk kvalitetssystem
Fiberutbygging Vi skal lage plan for fiberutbygging og høgkvalitet breiband i heile kommunen. Vi skal sette i verk utbygging i sentrale delar av kommunen. Vi skal legge til rette for utbygging i grendene og samarbeid med grendelag om utbygging.	- Inngå avtale med Eninvest om utbygging i Skeiområdet - Fullført utbygging i Skeiområdet 2014 - Søknad om omdisponering av av innvilga tilskot handsamast av fylkeskommunen i februar - Anbod i Vassendenområdet (evt større område) i 2014 - Deltaking i avklaringsmøte om ny tilskotsordning 06.02.14	- Utbygging Skei starta - Innvilga omdisponering av midlar frå fylkeskommunen - Anbod Vassenden utlyst juni - Sak til KST 30.09.14 om fiberutbygging - Delteke i avklaring om ny tilskotsordning. Ikkje søkt 2014
Skei barnehage	Følgje opp og fullføre	Utbygging i rute

Vi skal fullføre utbygginga av Skei barnehage og ta i bruk bygget	utbygging Bygget skal takast i bruk til barnehageoppstart medio august 2014	Barnehage klar til bruk august 2014
Overordna ROS-analyse og beredskapsarbeid Vi skal utarbeide overordna- og sektor-ROS for Jølster kommune og oppdatere beredskapsplan for Jølster kommune.	- Fullføre interkommunalt prosjekt om overordna ROS-analyse første halvår - Implementere overordna ROS-analyse i kommunen - Utarbeide sektor-ROS på aktuelle område - Oppdatere beredskapsplan på grunnlag av overordna- og sektor-ROS - Plan for krisestøtte og informasjon vedteke innan 01.04.14	- Høringsutkast klart. Kvalitetsikrast med eksterne aktørar - Felles møte i planutvala 03.06.14 - Offentleg høyring gjennomført - Sak til KST 30.09.14
Sunnfjord Næringspark – Moskog Vi skal starte vidare planlegging og gjere vedtak om organisering av utbygging og utvikling. Vi skal gjennomføre grunnnerverv for å realisere Sunnfjord næringspark	- Forprosjekt for utbygging og kostnadsoverslag klart januar - Møte grunneigarar mars	- Forprosjekt med kostnadskalkyle klart - Møte med grunneigarar august 2014
Reduksjon av driftsnivået i Jølster kommune. Vi skal finne tiltak for å redusere driftsnivå frå 2014-nivå med: Kr. 3. mill. i 2015 Kr. 6 mill. i 2017 Kr. 7 mill. i 2018 Reduksjon av driftsnivå skal omfatte gjennomgang av inntekter og utgifter i drift og investeringsnivå.	Leggje fram sak om administrativt mandat, organisering og framdrift i 1. kvartal 2014	- Mandat og prosjektdirektiv vedteke - Innsparing 2014 som budsjettendring juni - Innsparing 2015 i samband med økonomiplan
Astrupfokus	Tildelt midlar til utarbeiding av kulturminneplan med Astrupfokus	Arbeid med kulturminneplan ikkje starta opp grunna kapasitet leiargruppa

120: Sentraladministrasjon og fellesutgifter

Mål for tenestekontor og kommunekasse

Hovudmål (4 år)	Delmål (1 år)	Status
Sikker rekneskapsinformasjon til rett tid	Leverer rekneskap (også for kyrkjeleg fellesråd) ved årsslutt til rett tid og etter lover og reglar. Innkrevjing av kommunale krav, mål er å vere ajour - fylgje opp	Rekneskap levert Ajour med kommunale krav Lønsutbetalingar er til rett tid

	alle restansar til ei kvar tid. Lønsutbetalingar til rett tid.	
Støtte til alle deler av kommunen sin organisasjon	Sikre og funksjonelle IKT-system Sikker post og arkivhandtering i tråd med arkivplan Bidra til god informasjonsflyt både internt og eksternt.	Fokus på informasjonsflyt

Økonomi

Prognose	Kommentar til avvik
400 000	Auka lisensutgifter – IKT m.m.

200: Oppvekst og kultur

(jf verksemdplan)

Måloppnåing

Hovudmål (4 år)	Delmål (1 år)	Status pr i dag
1. Innan barnehage, skule og kultur skal ein gje tilbod om tenester med høg kvalitet. Ein jobbar heilskapleg med mål om å ha: - Barn og unge i sentrum - Den gode vaksenrolla - Godt samarbeid 2. Barn og unge skal ha gode læringsmiljø som fremjar trivsel, utvikling og læring. 3. Jølster kommune skal ha faglige resultat i skule som er betre enn fylke og landssnittet. 4. Barn og unge skal i oppveksten i Jølster få kjennskap til eiga bygd, delta i ulike kulturaktivitetar og oppleve utfordringar og meistring.	Barnehage 1.1 Modellkommuneprosjektet. Jølster deltek ikkje full ut, men deltek i kompetanseheving for pedagogiske leiarar og assistentar får identifisere og gje bistand til utsette barn i barnehagen. Implementering i barnehage.	Alle barnehagane i Jølster kommune har vore med på modellkommuneprosjektet som vart avslutta vinteren 2014. No har styrarar og pedagogar fått kompetanseheving i fagområdet. No skal dette prosjektet implementerast i barnehagane slik at alle får kjennskap til prosjektet og at det vert ein del av kvardagen i barnehagen.
	1.2 og 2.1 God gruppeleing. Kompetanseheving og arbeid i barnehagane med god gruppeleing.	Assistentane byrja på kompetanseheving hausten 2013. Våren 2014 har dei gjennomført 2 dagar til med Kari Pape som var ein del av kompetansehevinga som vart tilrettelagt for assistentar.
	2.2 Utbygging av Skei barnehagen	Barnehagen var klar til nytt barnehageår.
	Skule 2.3 og 3.1 Deltaking i nasjonalt pilotprosjekt–	Skulane er kome godt i gang med ungdomskulesatsinga. Jølster er med i pulje 1. Det har vore kurs/samlingar for både

	kompetanseheving ungdomstrinnet. Kompetanseheving innan klasseleing og grunnleggande ferdigheiter i lesing og rekning. 3.2 Skulane gjennomfører tiltak som lesekurs og kartlegging av resultat og utvikling på elev, klasse og skule nivå. 2.4 og 3.3 Ny Giv. 10% av elevane 10. trinn får tilbod om intensiv og grunnleggjande opplæring i norsk og matematikk. 3.4 Gjennomgang av organisering av spesialundervisning i skule. 2.5 Arbeide vidare med planlegging i høve utbygging av undervisningslokale	skuleeigar, skuleleiar og ressurslærarar. Det er ei samling att for skuleigar og skuleleiar. Det blir gitt tilbod til elevar som har behov for grunnleggande opplæring. Det er sett ned ei arbeidsgruppe som skal sjå på organiseringa av spesialeundervisninga i skulen. Våren 2014 er det blitt utarbeida ein rapport frå Asplan viak for å sjå på MOJO og Vassenden skule. Det vart gjennomført politikardag i april. Politikarane har gitt eit mandat til å arbeide vidare med forhandlingar av MOJO.
	Kultur 4.1 Kulturminneplan. Iverksette og gjennomføre arbeid med kulturminneplan med Astrupfokus	

Økonomi

Prognose	Kommentar til avvik
0	Det er ingen store avvik i rekneskapet pr. i dag.

210: Skei skule

(jfr verksemdsplanen)

Måloppnåing

Hovudmål (4 år)	Delmål (1 år)	Status pr. idag
Vurdering	a) Undervegsvurdering b) Halvårsvurdering utan karakter c) Halvårsvurdering m/ karakter d) Ta i bruk IUP på Fronter	Vurderingar er godt i gang. Både undervegs, halvårs med og utan karakter. Vi nyttar fronter og IUP
Klasseleiing	a) Arbeid med problemåtferd	Klasseleiing skal vere fokusområde for skuleåret 2014/2015
Læringsstilar	a) Repetert lesing b) Lesekurs c) Ped.programvare d) Konkretiseringsmaterieil	Læringsstilar vert no brukt i alle klassesteg. Ped.programvare vert nytta etter behov. Det same gjeld konkretiseringsmaterieil
IKT	a) Innkjøp av IKT utstyr	Skulen treng meir IKT utstyr
Anna	a) Ny Giv b) Skulebasert kompetanseutvikling - klasseleiing	Dette er områder som vil ha fokus skuleåret 2013- 2014

Økonomi

Prognose	Kommentar til avvik
-400 000	Det er nytta eit mindreforbruk på rundt 700 000 pr. august. Innsparingstiltaka som skal gjennomførast for 2014 ligg ikkje på ramma til skulen, difor vil mindreforbruket for heile 2014 vere noko mindre.

211: Vassenden skule

(jfr verksemdsplanen)

Måloppnåing

Hovudmål (4 år)	Delmål (1 år)	Status pr i dag
Organisasjon	- Innsparing skule, spes ped, ressurstildeling 2013-2018 (kommunalt) - Evaluer og vidareutvikle ny org modell (skuleår 13/14) - Informasjonsflyt internt - Ståstadanalyse	- Skulen representert ikommunal grumme (rektor, spes.ped. ansv) Første møte avvikla, møteplan haust laga. - Kontinuerlig - Kontinuerlig - Planlegging haust, gjennomføring vår15.

	• Innføre ny dagsplan /dagsrytme, midttime • ASK i 5. klasse (HISF)	• Starta opp med 1. skuledag aug14. Justering og evaluering i løpet av året. • Oppstarta. Samarbeid med HISF. Lærarar fått opplæring.
PALS- skulemiljø - Ansvar, Omsorg, Respekt	• Vidareutvikle, tilpasse og evaluere implementerte PALS- system og kvalitetsutviklingssystem . Bl. a. med ny årsplan. • Styrke individuelle støttesystem • Sjå heile eleven (sosialt og fagleg). • Styrke mobbeførebyggande arbeid (MF PALS)	• Kontinuerlig arbeid i PALS- team og leiargruppa. Nytt PALS-hefte frå 1. aug 14. Årplan for PALS inneheld endringarfor 14/15. • Styrking tatt med i timeplanlegging for lærarar som arb. med indiv. støttesystem. • Kontinuerleg igjennom året. • Plan for gjennomføring av «Snakk med meg metoden» haust 14 klar. Elevundersøking, og nye malar for vedtak §9a klare.
Grunnleggande dugleikar i alle fag	• Styrke tilpassa opplæring. Knyte PALS og fagleg arbeid tettare saman. • Ungdomsskulesatsinga. «Lesing i alle fag» som satsingsområde i 1.-10. kl • Skuleplan for arbeid med IKT, skriving, rekning, lesing, vurdering. • Kartleggingspraksis og oppfølging av kartlegging. • Vurdering for elevlæring, levande årsplanar.	• Kontinuerlig igjennom året • Vidareføre møtepunkt med HISF fram til jan. Ressurslærer i lesing på u-steg og 1.-7. kl er klare, og avsett ressurs (midlar) • Vidareutvikle det vi har. Internopplæring bunden tid (møteplan). • Tema for spes. ped gr, internopplæring (møteplan), individuelle støttesystem og oppfølging av nasjonale prøver (eigne rutinar) • Vidareutvikle eksisterande årsplanar. Tid plandagar.
Uteområde og friminutt	• Arbeide for å legge til rette for meir uteaktivitet • Vidareutvikle Friminutt Aktiv • Elevbedrift (Ungt Entreprenørskap)	• Ny dagsplan med fysisk aktivitet i midttime oppstarta. • Drøftingar vil starte i PALS- team, elevråd og leiargruppa før haustferie. ‘ • Lagt inn i ekursjon og aktivitetsplan, samt avtale med UE.

Økonomi

Prognose	Kommentar til avvik
875 000	- Vassenden skule 211: 677 000 kr av stipulert underskot (77 %) er KLP & SPK.

Merk: Vårsemester følgjer skulen opp delmåla etter utviklingsplan for skuleåret 2013/2014. For hausten følgjer skulen opp delmål etter utviklingsplan som gjeld for skuleåret 2014/2015. Derfor vil spesielt delmål sjå annleis ut på tertialrapport for haust enn for vår.

250: Kulturskulen

(jfr verksemdsplan)

Måloppnåing

Hovudmål (4 år)	Delmål (1 år)	Status pr i dag
Utvikle kulturskolen som ressurscenter.	Ferdigstille handlingsplan. Opprette foreldregruppe ved kulturskolen. Utvikle tilbud for born under skulealder.	Avventar ny rammeplan som har høyringsfrist 20. juni. Oppretting av foreldregruppe sjåast også i samarbeid med ny rammeplan. Vert ikkje starta skuleåret 2014/2015.
Promotere kulturskule.	"Den plutselige scene", tilbud til ungdomsskuleelevar i Jølster som vil spele i band; samarbeid med Jølster bibliotek.	Aktuelt no: flytte «den plutselige scene» inn i barnebibl.avdeling/kantinedelen i løpet av sommaren 2014.
Auke og deretter stabilisere elevtalet.	Arrangement, konsertar, eigne rekrutteringskonsertar på skulane. Mål: 100 elevar.	Rekrutteringskonsert planlagt på Skei start juni.
Kompetanseheving	Delta på aktuelle kurs, vidareutdanning. (120 studiepoeng, mastergrad i Kulturleiving, Norges Musikkhøgskole)	Eksamen fullført april. Masteroppgåve neste skuleår.
Delta i samarbeidsprosjekt	Leie prosjektet "Nynorsk skaparkraft". Sitte i styringsgruppe for "Den kulturelle skulesekken",UKM.	Boksal gjenstår før prosjektet kan avsluttast. Evaluering gjennomført.
Ferdigstille Grushola som uteamfi	Finne nye pottar å søkje midlar frå. Etablere kontakt med landskapsarkitekt.	Dette arbeidet står på vent.

Økonomi

Prognose	Kommentar til avvik
150 000	Det er nytta meir pengar til lønn enn budsjettet. Det er ikkje kome krav frå Jølster kyrkjelege fellesråd om betaling for kjøp av teneste og dette vil føre til at lønsposten vil auke ytterlegare.

270: Skei barnehage

(jfr verksemdsplan)

Måloppnåing

Hovudmål (4 år)	Delmål (1 år)	Måling av resultat
Barna skal stå i sentrum	1. Barna skal føle seg trygg, få omsorg og ha vener. 2. Barna skal følgje utbyggingsprosessen av Skei barnehage 3. Barna skal gje glede og gode augneblikk, ved Skei bufellesskap, ein gong pr.mnd.	1. Vi observerer heile tida. Men har hatt ein periode med meir systematisk observasjon. Nyttig med tanke på vidare arbeid. 2. Utbyggingsprosessen har vi prøvd å dokumentere gjennom å ta bilete. 3. Vi har vore på besøk på sjukeheimen stort sett ein gong pr. månad. Barna liker det.
Den gode vaksenrolla	1. Vaksne skal vere bevisste på korleis dei samhandlar med barn og vaksne. 2. Vaksne skal gje tryggleik, nærleik, støtte og hjelp. 3. Vaksne skal legge til rette for aktivitetar så barna får utfordringar og opplev meistring.	1. og 2. Avdelingsmøta vert nytta til å snakke om korleis ein skal jobbe i barnegruppa. To pedagogar har vore på kurset «Korleis skape eit språkstimulerande miljø for minoritetsspråklege barn.» 3. Det meste av det som var planlagt på aktivitetsplanen er gjennomført.
Godt samarbeid	1. Alle skal tørre å seie i frå, utrykke eigne ønskjer og gje tilbakemelding. 2. Barn og vaksne skal vere positive og imøtekommande overfor kvarandre. 3. Utvikle skaparkrafta i den einskilde ved å vidareføre og bruke ulike måleteknikar i lag med barna. Oppdage estetiske fenomen i naturen.	Vi har eit godt samarbeid i personalgruppa. Det har vore fleire sjukmeldingar som har bydd på nokre utfordringar. Dette har mellom anna ført til at det har felt fleire oppgåver på dei faste tilsette.

Økonomi

Prognose	Kommentar til avvik
0	Pr. august ser det ut som budsjettet skal gå i balanse, mellom anna er ikkje refusjonar ajourført som til dømes søskenmoderasjon og spesialpedagogiske midlar. Det er fleire delte plassar frå hausten som utgjer noko mindre inntekt i foreldrebetaling. I samband med påbygget har vi i Skei barnehage rekna med at vi får nye PC- ar til arbeidsromma, dei vi har er gamle. Det same gjeld for kopimaskina som fungerer av og til. Men er nå usikker på kva som ligg inne i finansieringa av påbygget? Kan her kome nokre ekstra utgifter på drifta som ikkje er berekna.

271: Langhaugane barnehage

(jf verksemdplan)

Måloppnåing

Hovudmål (4 år)	Delmål (1 år)	Status pr i dag
Barnet i sentrum	• Halde fram arbeid med likestillingprosjekt. • Jobbe inn nytt prosjekt: Minde entreprenørskap • Utvikle utfluktsplan, Kjennskap til eiga bygd.	• Prosjektplan og sluttrapport • Vi gjennomfører Takeaway tilbod til foreldre 1 gong kvar mnd, så prosjektet er komme godt i gong • Revisjon og utviding av utfluktsplan vart gjort i juni, vi har ikkje fått til noko endeleg med Sunnfjord Golf.
Godt samarbeid	• Arbeid i modellkommuneprosjekt er samarbeid med alle barnehagane i Jølster. • Brukarundersøking i foreldregruppa. • Utvikle betre kommunikasjonsverktøy, kanskje eiga heimeside? • Samarbeid med høgskulen, øvingsbarnehage.	• Handbok for arbeid med barn i utsette livssituasjonar. • Rapport • Vi har komme godt i gang med ny nettside, den var offentlig frå Mars 2014. • Vi har no status som fast praksisbarnehage, dei første studentane kjem i veke 43. 3 pedagogar har starta på rettleiingsutdanning.
Den gode vaksenrolla	• Pedagogiske leiarar, jobbe vidar med modellkommuneprosjekt. • Internkompetanseheving: «Egenledelse i lek». • Assistentane har vore på kompetansehevings kurs med Kari Pape, jobbe vidare med dette internt og få med fagarbeidarane.	• Både pedagogiske leiarar og fagarbeidarar jobbar med modellkommuneprosjekt, så implementering er kome godt i gang. • Tydeligare observasjonar av barn sine ferdigheter. • Evaluering i assistent og fagarbeidarmøte.

Økonomi

Prognose	Kommentar til avvik
0	Styrar forventar og gå i ballanse. Pr. dags dato er det eit overforbruk. Nokre av grunnane til overforbruket er at refusjonar ikkje er ajour, som til dømes søskenmoderasjon og spesialpedagogiske midlar som utgjer om lag 180 % stilling. Samstundes ligg fleire årlege service- og vedlikehaldsavgifter i starten av året som får innverknad på rekneskapet.

300: Helse og sosial felles

(jf verksemdplan)

Måloppnåing

Hovudmål (4 år)	Delmål (1 år)	Status pr i dag
Tilby innbyggjarane i Jølster kommune kvalitetsmessige gode teneste etter gjeldande lovverk, lokale vedtak og i tråd med LEON- prinsippet - <i>lågaste effektive omsorgsnivå</i> .	Sikre høg kvalitet i tenestetilbodet gjennom rett kompetanse på rett plass. Sikre at tenestene er i tråd med gjeldande lovverk og retningslinjer. Sikre gjennomføring av politiske strategiar og vedtak.	Kvalitet på tenestene, rett tilbod og rett kompetanse er kontinuerleg i fokus. Avviksrapportering pr. tertial. Gjeldande lovverk ligg til grunn for tenesteutvikling og ved tildeling av tenester. Ny vedtaksnemnd frå 01.10.14. Implementerer tenestestandard i vedtak frå 01.10. Utbygging ved Skei omsorgssenter er godt i gong.. Planlegging av ombygging ved Vassenden omsorgssenter er i gong. Avtalt møte med Husbanken 29.09. Nye omsorgsbustadar ved Heimly bufellesskap; anbodsdokument klare for utlysing. Avtalt møte med Husbanken 29.09. Utarbeider samarbeidsavtale med Bustadstiftinga Heimly. Vaskeritenester; leverandør av tenestene er vald. Intensjon om avtale frå 01.10.14. Flyktningbustadar; arbeidet med utarbeiding av anbodsdokument er starta. Avtalt møte med Husbanken 29.09.
Organisere tenestetilbodet slik at det sikrar effektivitet og eit sterkt fagmiljø.	Ha fokus på fag, kvalitet og kompetanse. Utvikle gode interne prosessar som sikrar involvering og god utnytting av ressursane på tvers av einingar.	Er kontinuerleg i fokus. Deltek i KS Effektiviseringsnettverk helse og omsorg. Faste leiarmøter i sektoren. Informasjonsmøter ved behov. Personalmøter i einingane. Tilsette er representerte i

Følgje opp «10 på topp»	Implementere samhandlingsreforma, med særskilt fokus på: • Rehabilitering / kvardagsrehabilitering • Folkehelse • Bygge omsorgsbustadar, rehabiliteringseining, korttidsplassar	planprosessar. Organisering helse og omsorg er avklara. Ny organisering klar for iverksetting frå 01.10.14 Demensteam er etablert. Kvardagsrehabilitering er sett på dagsorden. Folkehelsesteam er etablert. Utbygging er i gong. Kommunen deltek i interkommunalt samarbeid knytt til samhandlingsreforma.
Jobbe fram eit arbeidsmiljø som fremjar rekruttering og at tilsette ønskjer å halde fram i tenesta.	Ha fokus på rekruttering og kompetanse. Ha fokus på eit arbeidsmiljø som er prega av respekt for den einskilde. Sikre generell oppfølging av tenesteiningane.	Kontinuerleg fokusområde. Arbeidsmiljø er tema på personalmøter og i medarbeidersamtalar. Tettare oppfølging dersom behov. Samhandlingsmøter.
Implementere i organisasjonen ei felles haldning som sikrar god samhandling på tvers av einingar og sektorar, internt og eksternt, samt interkommunalt.	Administrativ forankring Tverrfaglege team Tverrfaglege og tverrsektorielle prosjekt Styrke kompetanse Ta del i interkommunalt samarbeid	Samarbeid på tvers av einingar og fagområde er eit fokusområde. Koordinerande eining, vedtaksnemnd, BUP møte, demensteam. Prosjekt integrering av flyktningar, med særskilt fokus på barna. Fleire tilsette tek vidareutdanning. Studiering «demensomsorgas ABC». Deltek i fleire interkommunale samarbeid; fagnettverk, rus, legevakt, overgrepsmottak, krisesenter, senter mot incest, miljøretta helsevern, prosjekt lokalmedisinsk senter og legevaktssentral.

Økonomi

Prognose	Kommentar til avvik
	Nokre overføringar skjer på slutten av rekneskapsåret. Deltek i KS

0	Effektiviseringsnettverk som gir ikkje budsjetterte utgifter. Budsjett i ballanse, men eit usikkert moment er dersom det kjem uføresette kostnader, t.d. i interkommunalt samarbeid.
---	--

312 Helsestasjon

(jf verksemdplan)

Måloppnåing

Hovudmål (4 år)	Delmål (1 år)	Status pr i dag
Vere ein sentral aktør i å sikre barn og unge best mogleg oppvekstvilkår	Gje god svangerskapsomsorg. Følgje opp helsestasjonsprogrammet for alle barn og unge. Sikre barn og unge si psykiske helse gjennom tidleg intervensjon. Få status som ammekyndig helsestasjon. Tidleg heimebesøk til alle nyfødde. Oppfølging av overvekt.	Jordmor i 30% stilling følgjer dei gravide i Jølster tett. Ho er tilgjengeleg og stabil. To helsesøstre i 80% stilling kvar er fast tilsette og gjev oppfølging i høve helsestasjonsprogrammet 0-20 år. Skulane i Jølster får likt tilbod f.o.m. hausten 2014. Psykiatrisk sjukepleiar og helsesøster er på skulane kvar veke (11/2 dag på Vassenden skule og 1 dag på Skei skule). Psykiatrisk sjukepleier med fokus barn og unge er tilsett i 50% stilling. Dette er eit supplement til helsesøstertenesta og saman jobbar vi for å sikre barn og unge si psykiske helse gjennom tidleg intervensjon. Status ammekyndig helsestasjon er ikkje nådd, men det vert jobba med gjennom m.a. kurs til nytilsette. Jordmor gjennomfører tidleg heimebesøk, gjerne dagen etter heimkomst. Helsesøster gjennomfører heimebesøk innan to veker etter fødsel (jmf tilrådingar i veileder) Helsestasjon og fysioterapitenesta samarbeider om å utarbeide eigne retningslinjer for oppfølging av overvekt utifrå tilgjengelege

		ressursar og etter tilrådingar i overordna veileder. Er under arbeid.
Sikre nødvendig helsehjelp til flyktningar og asylsøkjjarar	Helsesamtale og helsestatus av alle nyttilflytta asylsøkjjarar. Sikre eit tilpassa helsetilbod vidare. Sikre at desse gruppene har kunnskap om eiga helse.	Sjukepleier ved mottak (50%) utfører helsesamtale og kartlegging av helsestatus i samarbeid med lege. Helsestasjonen sikrar born og unge oppfølging av helsestasjons- og barnevaksinasjonsprogrammet.
Vere ein sentral aktør innan førebyggjande arbeid for å fremje folkehelsa.	Vere ein ressurs i forhold til veiledning av barn og unge og også andre grupper.	Inga brukarundersøking på gong pr no.

Økonomi

Prognose	Kommentar til avvik
-87 000	Usikker prognose

313 Fysioterapi

(jf verksemdplan)

MÅL

Hovudmål (4 år)	Delmål (1 år)	Måling av resultat
1. Utvikle tenesta i tråd med nasjonale føringar og lokale behov	1.1: Vidareutvikle innarbeidde interne og tverrfaglege rutinar 1.2: Vere pådrivar for prioriterte satsingsområder innan re-/habilitering og førebyggjande folkehelsearbeid. 1.3: Delta i prosjektarbeid innan heimerehabilitering, etablere tverrfagleg innsatsteam.	Sett i verk I arbeid Ventar på at prosjekt skal setjast i gang
2. Følgje kommunen sine budsjett og rammer for drift av tenesta. Samordne økonomiplan, verksemdsplan og Kommuneplan – samfunnsdel(2013-2025)	2.1: Organisere og utvikle avdelinga i tråd med Jølster Kommune si verdiplattform, kvalitetssystem og «CAF-hjulet» 2.2: Vidareutvikle tenesta i tråd med vedtekne planer. 2.3: Finne rasjonelle driftsformer og tilbod som samstundes sikrar høg fagleg kvalitet. Opprette gruppebaserte tilbod til prioriterte pasientgrupper. Vidareføre gruppetilbod innan revmatologi, nevrologi og bassengtrening	I kontinuerleg arbeid I kontinuerleg arbeid I kontinuerleg arbeid

3. Sikre koordinering og flyt av tenester etter intensjonane i lov og forskrift	3.1: Vere deltakande i det vidare arbeidet i Koordinerande Eining og Individuell Plan. 3.2: Vere deltakande i utarbeiding av koordinerte teneste til barn/unge	Statusrapport ved utgangen av året. Statistikk tal IP
4. Sikre brukarmedverknad og brukarstyring	4.1: Utføre brukarundersøking for pasient innan gruppebaserte tilbod 4.2: Oppdatere og vidareutvikle nettsider	Ikkje aktuelt no, ventar på prioritering frå administrasjonen. Prioritert til hausten
5. Langsiktig kompetansestrategi	5.1: Følgje opp kompetanseplan innan prioriterte områder 5.2: Plan for internundervisning på avdeling og tverrfagleg innan område førebygging og helsefremjande arbeid og re-/habilitering	Kompetanseplan

Økonomi

Prognose	Kommentar til avvik
20 000	Eigenbetaling er vanskeleg å kalkulere, ligg litt høgt i år. Refusjon av sjukeløn gjer at budsjettet kan gå i balanse.

Tertialrapport 01.09.14

320: Legetenesta

Måloppnåing

Hovudmål (4 år)	Delmål (1 år)	Status pr i dag
Vidareføre det medisinske arbeidet på eit høgt kvalitativt nivå Vere eit godt lågterskel tilbod for alle innbyggjarane i Jølster Kommune.	Vere ein god og aktiv støttespelar for dei andre einingane i Jølster Kommune. Halde budsjettråma. Auke talet listepasientar ved Jølster legekantor.	Status per 01.09.14 er at ein er på god veg til å oppnå både hovudmål og delmål.

Økonomi

Prognose	Kommentar til avvik
0	Budsjettbalanse

340 Psykisk helsevern

Måloppnåing

Hovudmål (4 år)	Delmål (1 år)	Status pr i dag
Fagleg forsvarleg teneste etter gjeldande lovverk med tilstrekkeleg kvalifiserte personalressursar God økonomistyring med drift innafor tildelte rårer	-Forsvarleg drift utifrå gjeldande lovar, krav og planverk. -Vidareutvikla kvalitetssystem -Konkrete vedtak, informasjon om teneste og omfang. -Behalde kvalifisert personell og legge til rette for utdanning og internundervisning/retteleing Drift innafor tildelte rårer	Sjukepleiarressursane er knappe sett opp mot auka etterspurnad av tenester. Små endringar i kvalitetssystemet. Tenesta deltek i interkommunalt samarbeid i utarbeiding av felles tenestestandard innan rusomsorg. Vanskar med protokollføring av nye vedtak frå årsskiftet. Fire tilsette har tidsavgrensa permisjon frå stillinga si, to av dei sjukepleiar. Fast vikarsj.pl. overtatt. Ny sj.pl. i vikariat. God tilgang vikarar.
Godt arbeidsmiljø i tilfredsstillande arbeidslokale	-Faste personalmøter med heile tenesta og den enkelte avdeling -Årlege medarbeidersamtaler -Følgje opp IA-avtalen -God intern kommunikasjon	Personal møta går som planlagt for dei enkelte avdelingar kvar 3. veke og samla møter kvar 6. veke. Medarbeidersamtaler er oppstarta men ikkje fullført. IA-avtala vert følgt opp og ein legg til rette individuelt for tilsette ved behov. Betre kommunikasjon internt. Nokre utfordringar. Det er utarbeida «Felles køyrereglar for tenesta.»
Tett samarbeid med NAV	-Månadlege samarbeidsmøter -Fordeling av ansvar.	Tenestene samarbeider i møter med felles brukarar og fordeler ansvar. Startar med månadlege møter i haust.

Økonomi

Prognose	Kommentar til avvik
26 800	Budsjett i balanse. Lite sjukemeldingar. Starta reduksjon av bemanning ved døgnbemanna bustadar sommar og i ny turnus slutt av september. Avlastar heimesjukepleien noko. Vi har motteke tilskot til kommunalt rusarbeid. Dette vert nytta i 2014.

350-351 NAV Jølster

(jf verksemdplan)

Måloppnåing

Hovudmål (4 år)	Delmål (1 år)	Måling av resultat	Tilbakemelding
Tilgjengeleg barnevernsteneste	Alle born med vedtak om hjelpetiltak eller	Kvartalsrapportar og halvårsstatistikk til	BV-tenesta held tidsfristar og har

for samarbeidspartnarar og brukarar.	omsorgstiltak skal ha tiltaksplan/omsorgsplan. Bruke og fornye rutinane vi har aktivt i sakshandsaminga	Fylkesmannen og SSB	oppdaterte vedtak og planar. Arbeidet med å oppdatere og lage rutinar er sett i gang. Tenesta er og med i læringstilsynet som fylkesmannen no har sett i gang. Første samling var den 28.08.14
Busetting av flyktningar jf. vedtak kommunestyret 2013	Minimum eit heimebesøk i månaden for dei i introduksjonsprogram. Installere og ta i bruk programmet socio flyktning. Utarbeide og ta i bruk rutinar på flyktningarbeidet.	Manuell teljing Socio Rutineperm/fellesområdet	Har 7 personar i introduksjonsprogram. Buset ein familie 01.09.14. Vi tilpassar oppfølginga individuelt, ikkje alle får heimebesøk kvar månad. I mai månad installerte vi socio flyktning og får opplæring av Tieto. Vi har starta arbeidet med å utarbeide rutinar på flyktningområdet. Internkontroll er pr. i dag ikkje skriftleggjort.
Yte tenester etter lov og forskrifter	Sikre gode brukarmøte ved å bruke motiverande intervju metoden.	Brukarundersøkingar Kollegarettleiing	Vi set i gang med veiledingsplattforma den 17. september. Betring av oppfølging i brukarmøta.
Ingen langtidsmotakarar av sosialhjelp som einaste yting.	Alle brukarar med sosialhjelp som einaste økonomisk yting skal kartleggjast og få tilbod om arbeidsretta tiltak. Bruke og følgje opp nye rutiner på sakshandsaming økonomisk sosialhjelp Fokus på økonomisk rettleiing og frivillig og tvungen forvaltning for brukarar med økonomiske	Kostra Socio- vedtak etter § 17 i STL	Vi har i dag 4 brukarar som berre har sosialhjelp som einaste yting. Kartlegging og avklaring tek tid og for nokre av desse er sosialhjelp rett yting. Etter tilsyn med lov om sosiale tenester har NAV Jølster sett i verk nye rutinar. Desse føl vi. Både kartlegging, vedtak og kontroll tek meir tid no

	utfordringar.		enn tidlegare. Kontoret har denne våren gjort fleire vedtak om økonomisk rådgjeving og rettleiing. Dette er svært tidkrevjande arbeid, både å føre i pennen, men og prosessarbeid saman med brukar. Som følgje av arbeidsmengda har vi måtte omrokkere på arbeidsoppgåver.
--	---------------	--	---

Økonomi

Prognose	Kommentar til avvik
318 000	Refusjon ressurskrevjande brukarar på aktivitetssenteret. Usikker.
-250 000	Mindre forbruk av kvalifiseringsstønad, færre brukarar i tiltak. Mindre bruk av fond/ evt mindre bruk av total budsjett?
-300 000	Færre søknadar om sosialhjelp dette året. Om tendensen held fram vil vi bruke mindre enn budsjettert.
170 000	NAV har lånt ut vesentleg meir enn budsjettert i sosiallån. Særskilde saker, plan å få dette innbetalt før året er omme.
-1 000 000	Budsjettert med ikkje busetting, men vi har fått hus og busett ein familie på 7 den 01.09.14. Dette genererer ekstra inntekter dette året. Usikre moment er rekning frå Førde norsk senter for norsk og samfunnskunnskapsopplæring både for dei vi har busett og dei som bur på mottaket. NAV har ikkje ansvar for dei som bur på mottaket, men inntektene til norsk opplæring kjem på 351 rekneskapen og utgiftene til opplæringa vert betalt frå 351 ansvaret.
200 000	20% stilling nytt tiltak i barnevernet. Buf-etat har innført strengare refusjonsordningar til forsterka fosterheimar. Vi får mindre refundert enn tidlegare.

371 Heimetenesta Skei

Måloppnåing

Hovudmål (4 år)	Delmål (1 år)	Status pr i dag
- Yte gode tenester etter gjeldande lovverk	Drifte tenesta etter gjeldande lovverk og planar -Ha fagleg forsvarleg drift gjennom heile året -Ha fokus på kvalitet på tenestene	-Har bra dekning med fagpersonell -Har hatt god fagdekning i sommar -Brukar avvik systematisk til å betre kvaliteten på tenestene

	-Evaluerer enkeltvedtak på tenester og implementere tenestestandardar	-Har fokus på kvalitet i dagleg drift. -Oppstart demensteam 01.05. -Tenestestandard er tatt i bruk i avdelinga, evaluerer kontinuerleg enkeltvedtak på tenester. Har fokus på individuelle tenester. -Leiar deltek i effektiviseringsnettverk i KS
-Vi vil vere ein god og attraktiv arbeidsplass	-Ha eit godt arbeidsmiljø -Følgje opp IA-avtalen -Ha fokus på kompetanseutvikling -Rekruttere studentar og fagpersonell	-Har avdelingsmøter fast kvar 3.veke. -Har personalmøter og felles undervisning med dei andre avdelingane i pleie og omsorg. -Har hatt medisinkurs for fagarbeidarar og assistentar -Deltok på aktuelle kurs -Sjukepleiar i nettverk for lindrande behandling -Har hatt nokre medarbeidersamtaler
-Drifte tenesta innanfor tildelte økonomiske rårer	-Realistisk budsjett -Rapportere avvik og konsekvensar av avvik	-Leverte rekneskapsrapportar og tertialrapportar med fokus på avvik

Økonomi

Prognose	Kommentar til avvik
-250 000	Positivt avvik, innsparing på demensteam (2x40%, planlagt frå 01.01., oppstart 01.05.) og ny stilling (60%, planlagt frå 01.01.,er ikkje oppstarta). Planlagt innsparing.

372 Skei bufellesskap

Hovudmål

Hovudmål (4 år)	Delmål (1 år)	Status pr i dag
Yte forsvarleg teneste etter gjeldande lovverk.	- Sikre oppdatering jfr samhandlingsreforma og nytt lovverk. - Oppdatere kvalitetsutviklingssystem et. - Sikre fagleg forsvarleg drift	- Kostra innlevering er gjennomført - Oppdatering av kvalitetssystemet er ikkje fullført. - Veiledaren i pleie og omsorg er innført haust 2014. - Noko avvik i avdelinga; Vekke pasient på nattevakt for å stelle, medikamentfeil, dataproblem; ikkje skrive

		rapport, ikkje tilgang til dataen, ikkje utført oppdrag. • Betre sjukepleiedekking
Behalde tilsette og rekruttere fagpersonell.	• Fokus på arbeidsmiljø • Utviklande fagmiljø og kompetanseutvikling • Sikre IA og redusering av fråvær. • Sikre godt samarbeid med tillitsvald og verneombud	• Avdelingsmøte 3 kvar veke. Jamlege samarbeidsmøte. • Tek imot studentar/elevar i praksis. Fokus på rekruttering av studentar på ledige helgar • Medarbeidersamtale for 2014 gjenstår • Evaluering av internt sjukefråværsprosjekt ikkje gjennomført. • Internundervisning sett i system. • Oppstart demensomsorg ABC perm 1 og 3 haust 2013. Vidareført utover 2014. • Møte med tillitsvalde og verneombud etter behov • Fast vernerunde
Drifte tenesta innafor tildelt økonomisk råde.	• Realistisk budsjett • Sikre god økonomistyring • Evaluere og tidsavgrense vedtak	• Leverer rekneskapsrapportar og tertialrapportar. • Vedtaka blir evaluert jamleg • Budsjett for 2014 er meir realistisk. Rapportering på avvik blir varsla til kommunalsjef

Økonomi

Prognose	Kommentar til avvik
256 000	Negativt avvik på 256 000 dersom ein brukar kr 500 000 av disposisjonsfond. Avviket hittil har auka som forventa. Men ser likevel betre ut enn tidlegare år. Høgt fråvær fører til høge vikarutgifter, men og til ekstraavgifter til forskyvd vakt, overtid ol.. Også overtid grunna mangel på vikar for sjukepleiar og hjelpepleiar. Ressurskrevjande brukarar medfører ekstraavgifter og bruk av overtid som slit på personalet. Spartiltak for 2014 som ikkje er sett i verk, fører til avvik. Lønnskostnader og innkjøp av forbruksmateriell til vaskeri, lønskostnader til stilling på kjøkkenet. Vi utfører oppgåver for andre budsjettområder. Fleire tenester delar på sekretær ressurs, straumutgifter, reinhald, innkjøp av kontormateriell. Kostnadane ligg under 372.

373 Heimly bufellesskap

Måloppnåing

Hovudmål (4 år)	Delmål (1 år)	Status pr i dag
-Yte fagleg forsvarleg tenester innanfor økonomisk ramme og gjeldande lovverk	-Ivareta brukarane sine behov og arbeide for auka funksjonsnivå og sjølvstende	Ordning med bakvakt har tilført ein ressurs som også er til hjelp for brukarane i bufellesskapet
-Vere ein attraktiv arbeidsplass	-Arbeide for å styrke kompetansen i einingane -Ha fokus på arbeidsmiljø, personale som ressurs, og IA-avtala -Ha tett samarbeid med verneombod og tillitsvalde -Arbeide for samlokalisering av bustadane	Vernepleiar ferdig utdanna i januar. Har tilsett ein hjelpepleiar i 100 % stilling. Arbeidsmiljø som tema på miljømøter Viktig med betre fokus på dette i omstillingsarbeidet. Møte med verneombod og tillitsvalde i budsjettarbeidet for 2015 Vedtak om bygging i kommunestyret. Ferdigstilling av anbodspapir Følgje opp vedtak om sparing
-Drifte tenesta innanfor økonomiske rammer	-Ha oversikt over økonomien i einingane	Følgje opp vedtak om sparing

Økonomi

Prognose	Kommentar til avvik
-129 000	Redusert innleige, assistentar i fagstillingar ved fråvær

381: Heimetenesta, sone Vassenden

Måloppnåing

Hovudmål (4 år)	Delmål (1 år)	Status pr i dag
-Yte fagleg forsvarleg teneste etter gjeldande lovverk	- Sikre ivaretaking av nye lover, krav og planar. - Nytte kvalitetssystemet i det daglege arbeidet. - Implementere tenestestandar inn i vedtaka.	-Oppdatert lovverk ligg tilgjengeleg i avdelinga og er implementert i det daglege arbeidet. -Kvalitetssystemet tilgjengeleg for alle i avdelinga. Vert nytta i det daglege arbeidet. -Jobbar ut frå vedtak fatta i

		vedtaksnemda.
- Behalde tilsette og rekruttere fagpersonell	- Behalde eit godt arbeidsmiljøet. - Følgje opp IA avtalen. - Implementere kompetanse plan når den er på plass. - Jobbe for å få til eit større samarbeid med psykisk helsevern og busenteret. - Sikre god samhandling med vidaregåande skular og høgskulen for å få studentar i praksis.	-Gjennomført medarbeidersamtale til alle med stilling over 30% -Faste avdelingsmøter i turnus. -Hatt eit felles personalmøte med Vassenden omsorgsenter. -Faste møter med Fysioterapi. -Faste møter med Psykisk helsevern. - Oppfølging av sjukmeldte etter IA avtalen og etter internt utarbeida sjukefråværsoppfølging (sjukefråværsprosjektet). -Sjukepleiarstudentar og helsefagarbeidarar i praksis.
- Drifte tenesta innanfor tildelte økonomiske rammer.	- Lage realistiske budsjett - Rapportere konsekvensar og avvik.	- Lvert rekneskaps rapportar - Lvert tertialrapport, april-14 - Lvert avvikrapport, april-14 - Lvert årsmelding 2013

Økonomi

Prognose	Kommentar til avvik
-160 000	Hovudårsak til positivt avvik er: Brukt mindre på fastlønn enn budsjettet som gir positivt utslag på KLP og arbeidsgjevaravgift.

382 Vassenden busenter

(jf verksemdplan)

Måloppnåing

Hovudmål (4 år)	Delmål (1 år)	Status pr i dag
Yte fagleg forsvarleg teneste etter gjeldande lovverk og avtaler	Sikre avdelinga sin kjennskap til gjeldande lovverk, og lokale føresetnader -Sikre fagleg forsvarlighet -Sikre oppdatert kvalitetssystem	Kontinuerlig evaluering av kvalitetssystemet Er tilknytt NOKLUS, Har gjennomført kurs i medikamenthandtering, nytta apotek 1 til dette. Har nytta vikarbyrå i 3 veker i ferieavviklinga, for sikring av sjukepleiarkompetanse.

Behalde og rekruttere fagpersonell	Sikre oppfølging av IA avtalen -Behalde eit godt arbeidsmiljø -Jobbe for å få eit tettare samarbeid med heimetenesta	To grupper jobbar med demensomsorgas ABC. Hatt 2 sjukepleiarstudentar i praksis i vår. Samarbeider med NAV om praksis til elevar som skal ta fagbrev i helsefagarbeid. Ein sjukepleiar er starta med vidareutdanning i rehabilitering. Har følgt opp tilsette etter IA avtale i samband med sjukefråvær. Samarbeider med heimetenesta og Psykisk helsevern om vikarar ved fråvær.
Drifte tenesta innanfor tildelt råde	Realistisk budsjett -Sikre god økonomistyring	Kontinuerlig evaluering Leverte rekneskapsrapportar Tertialrapport april og september 2014

Økonomi

Prognose	Kommentar til avvik
53 000	Direkte framrekna prognose; - 493 000. For lite nytta fastlønn. Vakant stilling har blitt kontert frå vikarbudsjetten. Periodevis fakturering på kommunale avgifter, forsikring straum, gir ei skeiv prognose. Har framleis ein del ikkje avvikla ferie som fører til meir vikarutgifter. Hatt periodevis ledig kapasitet på korttidsplass og dagsenter. Mindre overbellegg i år, og mindre nytta ekstrahjelp. Vil gå i ballanse om ikkje uføresette ting skjer i løpet av siste periode.

400: Plan, næring, drift - felles

Måloppnåing

Hovudmål (4 år)	Delmål (1 år)	Status pr i dag
Tilby innbyggjarane i Jølster kommune gode tenester innan fagområda.	- Sikre kvalitet i tenestetilbodet ved å ha rett kompetanse på rett plass. - Sikre at tenestene er i tråd med gjeldande lovverk og retningslinjer. - Ferdigstille/implementere kvalitetssystemet i	Kompetansebehov er under kontinuerleg vurdering. Kompetanseplan på plass i løpet av året. Rekrutteringsvanskar til ingeniørstillingar – vakant stilling.

	einingane. Sikre gjennomføring av politiske strategiar og tiltak.	Vert kontinuerleg følgt opp. Følgjer opp handlingsplanar.
Bidra til av Jølster er eit aktivt samfunn i endring og vekst.	- Ferdigstille arbeidet med arealdelen i kommuneplanen. - Gjennomføre tiltak etter investeringsbudsjettet til rett tid og i samsvar med godkjent kostnad. - Gjennomføre tiltak i samsvar med «10 på topp» - Delta i fellestiltak i regi av SIS. - Ta i bruk ny kunnskap og ny teknologi.	Framlegg til arealdel har låge ute til offentlig ettersyn. Vurdere innspel og handsaming i styringsgruppa UPU og KST. Betongarbeidet ved Skei bufellesskap er godt i gang. Prosjektet skal vere ferdig september 2015. Skei barnehage; Bygget er overteke. Ferdigsynfaring utvendig arbeid i veke 38. Heimly: Tilbudsutlysing totalentreprise i veke 37. Deltek i felles prosjekt om ROS i SIS. Analysen har vore på høyring. Til politisk handsaming i UPU og KST i oktober. Reguleringsplan E39 er vedteken utanom kartblad 5 som har vore til ny høyring. Handsamast i UPU 01.10 og KST. Klagebehandling hjå fylkesmannen.
Utvikle tenestetilbodet slik at det kan bidra til eit effektivt og allsidig landbruk.	- Etablere faste møteplassar og dialog med landbruksnæringa. - Bidra gjennom arealplanen til eit allsidig landbruk og landbruk +. - Sikre tradisjonelt betebbruk gjennom prioritering av virkemiddelbruken.	Interkommunalt fagleg samarbeid på fleire fagområde. Ivareteke i framlegg til arealplan som har vore ute til offentlig ettersyn.
Bidra til vekst i næringsetableringa.	Bidra gjennom arealplanen til større samanhengande og attraktive næringsareal.	Framlegg til nye næringsareal i arealplan. Innspel frå høyringsrunde vert vurdert i

	• Utnytte potensiale som ligg i allereie nye etableringar på Skei. • Nytte potensiale som ligg i oppgradering av E39 og rassikring av RV5.	haust. Næringsareal Moskog. Heile planen er no stadfesta og vedteken. Drøftingar med grunneigarar om overtaking av areal. Del av arealplanprosessen.
--	---	---

Økonomi

Prognose	Kommentar til avvik
0	Reknar med eit rekneskap i balanse.

510: Bibliotek

(jf verksemdplan)

Måloppnåing

Hovudmål (4 år)	Delmål (1 år)	Status pr. i dag
Biblioteket som møteplass.	Arrangement, litteraturkveld, forfattarbesøk. Samarbeid med Den kulturelle spaserstokken. Lesesirkel for vaksne lesarar.	Litteraturkveld er planlagt veke 43. Lesesirkel er godt i gang, 10 lesande damer.
	Fortsette og vidareutvikle bokkafear og småbarnstreff. Samarbeide med frivilligsentralen.	Bokkafear for eldre har vore godt besøkt.
Det er i utgangspunktet ingen enkel sak å vurdere om kvaliteten på eit reglement eller rutine er god, middles eller svak. Kommunane organiserer seg forskjellig, og kvar kommune har sitt preg, stempel og filosofi på kor omfattande og detaljert til dømes ei rutine skal være. Vi må difor i denne drøftinga gå til kriteriet "betryggande kontroll" som er fasiten på om reglement/rutiner faktisk er gode nok. Isolert sett meiner vi at "betryggande kontroll" må vurderast mot om Jølster kommune har reglement og rutinedokument som dekkjer prosessen og arbeidet med å gjere innkjøp.

Lovkravet om "betryggande kontroll" kan ikkje berre vurderast mot reglement/rutiner og innhaldet i desse. For å kunne seie noko meir sikkert om det, må også faktisk etterleving i det daglege ute på einingane kontrollerast. Vår kontroll på faktisk etterleving er å finne på side 10 i rapporten under overskrifta " Vår kontroll av innkjøp og etterleving av innkjøpsavtalar på ansvar 620 og 621". Det første vi meiner må kommenterast når vi ser på styringsdokumenta i Jølster kommune, er mangelen på eige innkjøpsreglement. Slik vi ser det er eit reglement for innkjøp ein føremon i arbeidet med å kvalitetssikre innkjøp. Eit godt innkjøpsreglement vil gje innkjøpar gode innspel, kunnskap og instruksjon på korleis ein innkjøpsprosess skal gjerast i kommunen.

Dokumentet «Internkontroll – Økonomi.»

Denne internkontrollen vart sist revidert/oppdatert den 19. mars 1999. Det er no over 15 år sidan. Etter vårt syn er dette dokumentet gått ut på dato, fordi Jølster kommune ikkje lenger er administrativt organisert i ein tradisjonell hierarkisk etatsmodell. Referansane i dokumentet til etat i punkt 9.1 nr1 er soleis no utdatert. Dessutan vart premissane og juridisk rammeverk for kommunale innkjøp endra med innføringa av Lov om offentlege anskaffelser. Denne lova med tilhøyrande forskrifter trådte i kraft den 1. juli 2001, jf. LOA § 17. Internkontrollen har dimesd naturelg nok ikkje tatt inn, eller synt til dei vesentlege endringane som vart gjort gjeldande for kommunale innkjøp med innføringa av lova og forskriftene. Det er etter vår vurdering ein heilt grunnleggjande mangel i dokumentet internkontroll økonomi.

At internkontroll økonomi er forelda er kjent for rådmannen. Som vi har skildra under fakta, var ein i 2013 i gang med å gjennomføre arbeidet med endringar i organisasjonen, der analyseverktøyet CAF vart nytta som opplegg for å finne dei beste løysingane. Revisjon av internkontroll økonomi låg inne i dette arbeidet.

⁹ CAF, eller Common Assesment Framework er eit analyseverktøy og eit opplegg for eigenevaluering der innsatsfaktorane og resultat vert vurdert. CAF byggjer på metodikk for kvalitetsleing og sentrale forvaltningsverdiar. Sjå www.difi.no og Difi veiledaren: CAF 2013 Rammeverk for eigenevaluering ISBN 978-82-7483-118-6

Etter vår vurdering er det uheldig at ein stogga arbeidet med å oppdatere internkontroll økonomi, sjølv om kommunen valde å stoppe påbyrja arbeid for kvalitetsutvikling i kommunen som eit heile. Det grunngjev vi mellom anna med at Reglane i kapittel 9 om kjøp av varer og tenester ikkje gjev ein innkjøpar plikt til å forsikre seg om at eit kjøp vert gjort i samsvar med reglane i LOA og FOA. Som vi har vist innleiingsvis under overskrifta «kriterier» er det fleire heilt sentrale skal- krav i LOA og FOA som ikkje vert nemnd i internkontroll økonomi kapittel 9.

Slik vi ser det aukar manglande henvisningar til gjeldande lovverk i internkontroll økonomi risikoen for feil i innkjøp og innkjøpsprosessar. Feil og manglar i ein innkjøpsprosess kan resultere i at kommunen gjennom rettsapparatet vert dømd og gjort ansvarleg for ein saksøkar sitt økonomiske tap. Etter vår vurdering er dette ein vesentleg risiko i seg sjølv.

Slik vi ser det er det difor svært viktig å ha så gode rutinar og praksis som mogleg på innkjøpsområdet. Vi meiner gode rutinar i så måte er eit av fleire vesentlege suksessfaktorar. Ikkje minst er det etter vår oppfatning også særskild viktig å forsikre seg om at ein handlar rett vare/teneste til rett pris og kvalitet. Etter vår oppfatning ville eit spesifikt innkjøpsreglement gjeve eit tydeleg signal om at gode innkjøp er viktig både på politisk nivå og som ein klårt forankra pilar i rådmannen sin styring.

Organiseringa av innkjøp følgjer i stor grad organisering og delegering av tilvisingsmynde ut på einingane. Jølster kommune sin desentraliserte innkjøpsmodell innafor driftsområdet, gjer at ansvaret for innkjøp er fordelt på mange tilsette i kommunen. Fordelen med denne organiseringa er at dei som til dagen ser eininga sine behov for varer og tenester raskt kan gjere naudsynte innkjøp. Ein mogleg ulempe er risikoen for feil i høve innkjøpsreglane, i og med at mange einingsleiarar har mynde til å gjere innkjøp. Det er difor slik vi ser det risikoreduserande at Jølster kommune gjennom sin struktur på organisering av innkjøp etter internkontrollen har ein tilsett som er hovudvudansvarleg for kommunale innkjøp. Det vi ikkje kan sjå av motteke dokument frå kommunen er korleis og kva ein har formalisert av risikoreduserande tiltak. Vi tenkjer her på aktivitetar som; systematisk opplæring, internkursing, eigenkontrollaktivitetar som til dømes rapportering og evaluering av innkjøp, innkjøp som tema i leiarmøter, formaliserte rolle- og funksjonsavklaringar og eventuelt andre typar overvaking av innkjøpsaktivitetane. Fråværet av slike formaliserte kontroll- og kvalitetsrutiner i styringsdokumenta gjev ikkje etter vår oppfatning inntrykk av at innkjøpsrutiner er høgt prioritert av administrativ leiing pr i dag. Vi ser at det er planar om å få gode rutiner på plass, men enn så lenge er dette feltet ikkje tatt skikkeleg tak i.

Slik vi ser det, har ikkje Jølster kommune pr i dag reglement og rutiner på innkjøp som skal til for å stette kravet i kl. § 23 nr 2 om "betryggande kontroll".

9. KONKLUSJON

- Gjeldande internkontroll – økonomi punkt 9 om kjøp av varer og tenester, sist revidert/oppdatert den 19. mars 1999, er forelda og mangelfull i høve sentrale krav til konkurranse i lov om offentlege anskaffingar.
- Jølster kommune sin administrative organisering gjev innkjøpsmynde til alle tilsette med tilvisingsrett. Ein desentralisert innkjøpsorganisering medfører i kraft av at mange tilsette kan gjere innkjøp ein ibuande risiko for feil.
- Internkontrollen inneheld for få konkrete risikoreduserande rutiner i form av motverkande tiltak og kontrollhandlingar på innkjøpsområdet.
- Innkjøpsrutinene i Jølster kommune er per i dag ikkje gode nok til å stette kravet i kommunelova § 23 nr 2 om «betryggande kontroll».

Tilråding:

- Vi tilrår at rådmannen prioriterer å revidere rutinene for innkjøp slik at dei ivaretek krav stilt i lov om offentlege anskaffingar. Vi tilrår at Jølster kommune oppgraderer status på rutiner for kjøp av varer og tenester, til reglement i samband med framtidig overgang til elektronisk kvalitetssikringssystem.

1. FAKTA

Vår kontroll av innkjøp og etterleving av innkjøpsavtalar på ansvar 620 og 621.

Metodisk tilnærming

For å kunne svare best mogleg på om ansvara 620 og 621 følgjer reglane for innkjøp i kontrollåret 2013, har vi kontrollert rekneskapstal utkøyr i som ei spørjing¹⁰ på bilag og leverandørar gjennom Agresso økonomi. Vi gjekk gjennom lista og nytta kriteriane¹¹ utleia i rapporten her som grunnlag for vår kontroll. På bakgrunn av dei spørsmål vi sat igjen med etter gjennomgangen sendte vi e-post til administrasjonen med dei spørsmåla vi sat med etter vår kontroll. I våre spørsmål bad vi kommunen dokumentere korleis konkurransereglane i LOA og FOA hadde vorte etterlevd. Attendemeldinga frå administrasjonen i Jølster kommune vart gjennomgått av oss, og har danna grunnlaget for dei funn vi vil presentere nærare i rapporten.

Omfang av dei kontrollerte bilaga på ansvar 620 og 621 uttrykt i kroner og øre

For ansvar 620 utgjorde sum kontrollert kr 1 963 965 i 2013.

For ansvar 621 utgjorde sum kontrollert kr 7 362 629 i 2013.

Tilsaman kr 9 326 594 i 2013.

Kontrollen av Jølster kommune sin bruk av rammeavtalar gjennom deltakinga i SFFI

Jølster kommune er med i Sogn og Fjordane fellesinnkjøp. På SFFI sine heimesider står dette om tenestene : *Innkjøpstenesta har ansvaret for drift og utvikling av innkjøp og logistikk for fylkeskommunen og samarbeidsordninga Sogn og Fjordane Felles Innkjøp (SFFI).*

SFFI tilbyr medlemskap til alle offentlege organ i fylket som etter nærare avtale kan knytte seg til ordninga. Innkjøpstenesta er basert på sentral styring og desentralisert innkjøp.

Hovudoppgåver

- * Sette mål, organisere og utarbeide planar for innkjøpstenesta
- * Gje innkjøpsfaglege råd
- * Drifte- og administrere innkjøpssamarbeidet i SFFI
- * Gje tilbod om opplæring i lov og forskrift om offentlege nyskaffingar
- * Inngå innkjøpsavtalar, implementere og følgje opp avtalar
- * Legge anbudsprosessen til rette for lokalt næringsliv
- * Ta omsyn miljøkonsekvensar ved innkjøp

Kvar innkjøpar er sikra tilgang til innkjøpshandboka på heimesida til Sogn og Fjordane fylkeskommune gjennom eigne passord. Innkjøpshandboka inneheld til ei kvar tid oversyn over gjeldande innkjøpsavtalar. Om fylkeskommunen inngår nye avtalar vert melding sendt til kommunen. I tillegg får Jølster kommune ved tilbodsinnhenting alltid spørsmål om å vere med på tilbodet.

¹⁰ I grunnlaget for sum kontrollert, har vi trekt ut løn, pensjon, arbeidsgjevaravgift, internkjøp, kjøp av tenester frå kommunar og mva som gjev rett på momskompensasjon

¹¹ Sjå overskrift under kulepunkt 5 KRITERIER

Krav til å nytte inngåtte rammeavtalar

I den økonomiske internkontrollen under kapittel 9 punkt 7 står det at den lokale innkjøpsansvarlege skal sjå etter at innkjøp skjer i samsvar med sentrale kommunale innkjøpsavtalar. Vidare finn vi at det i skrivet « Jølster kommune Administrativ delegering» gjeldande frå og med 01012012 under punkt 2.2 står at teneste- og stabsleiar er pliktig til å følgje opp dei avtalar kommunen har inngått. Dette tyder at alle som har rett til å tilvise i Jølster kommune har ein plikt til å nytte inngåtte rammeavtalar gjennom SFFI.

Praktisk etterleving av SFFI – innkjøpsavtalar

I og med at Jølster kommune er med i innkjøpssamarbeidet i regi av Sogn og Fjordane fylkeskommune, har vi difor sett etter om kommunen nyttar avtalane på ansvar 620 og 621. Føremønen med desse avtalane er jo mellom anna at kommunen veit at avtalen har kome i stand etter prosedyrar som ivaretek konkurransevilkåra etter LOA og FOA.

Resultat av vår kontroll

Vi har ikkje funne at dei kontrollerte ansvara har brote inngåtte rammeavtalar, med eit lite unntak:

Funn

Det har vore handla utanfor rammeavtale for kr 4183,- på konto for arbeidskle.

Gjennomgangen av kjøp i driftsrekneskapen 2013

Utgangspunktet for vår gjennomgang av utkøyrde rekneskapsrapportar er krava i LOA om konkurranse, og dei heilt konkrete krava stilt i FOA kring dokumentasjon på kunngjering¹² av konkurranse, protokoll¹³, skatteattest og HMS- erklæring.

Eit av spørsmåla vi bad om dokumentasjon på var fleire innkjøp gjennom året på eit kjemikalieprodukt som vert nytta i reinsingsprosessen på avlaupsanlegga. Kjøpa utgjorde i 2013 kr 182 111 og skulle etter regelverket vore konkurranseeksponert i form av prisinnhenting eller liknande. Det skulle også for desse kjøpa vore ført protokoll og lagt fram skatteattest. I svaret frå kommunen går det fram at dei ikkje har sjekka ut andre produkt og andre leverandørar. Kjemikaliane har i si tid vorte tilrådd av leverandøren av reinseanlegget, og har sidan vorte kjøpt av kommunen.

Funn

- Vi konstaterer at det for kjøp av kjemikaliar for kr 182 111 til reinsing av avlaupa i kommunen ikkje kan dokumenterast at ein har konkurranseeksponert desse kjøpa i form av prisinnhenting, eller liknande. Det er ikkje lagt fram protokoll etter FOA § 3-2 nr 2 på kjøpet. Det er ikkje lagt fram skatteattest frå leverandør av produktet jf FOA §3-3 nr 1

Eit anna spørsmål vi bad om å få dokumentert i høve LOA og FOA gjaldt innkjøp av varer og tenester knytt til vegvedlikehald. Bilaga vi bad om dokumentasjon på var på kr 153 380 og kr 378 068. Begge desse kjøpa skulle vore konkurranseeksponert i form av prisinnhenting eller tilsvarande. Etter FOA § 3-2 nr skulle det vore lagt fram protokoll, skatteattest jf FOA § 3-3 nr 1 og HMS- erklæring jf FOA § 3-4.

¹² Kravet til kunngjering på Doffin gjeld for anskaffingar over kr 500 000

¹³ Kravet gjeld for anskaffingar over kr 100 000. I ein protokoll etter FOA er dokumentasjon av skatteattest og HMS – erklæring to av punkta som skal dokumenterast.

I svaret frå kommunen går det fram at dei meiner det skulle vore innhenta prisar frå fleire moglege leverandørar. Det vart ikkje gjort fordi det vart tatt omsyn til lokale tilhøve som gjaldt varelogistikk hjå den valde leverandøren. Eit anna moment som vert framheva frå kommunen i deira svar til oss, er at transportkostnader ofte vil gje utslag i prising av slikt arbeid. Kommunen har ikkje funne skriftleg dokumentasjon på at arbeidet i dette tilfellet har vore ute på anbod.

Kommunen avsluttar sitt svar på vårt spørsmål kring desse fakturaene med å forsikre om at denne type innkjøp skal konkurranseeksponerast i form av prisinnhenting. Frå og med siste del av 2013 har dei henta inn tilbod på leige av maskiner, transport og kjøp av massar. Kontrakt er seinare inngått i samsvar med tilbodsutlysinga.

Funn

- Vi konstaterar at det for kjøp av varer og tenester gjeldande vegvedlikehald på kr 153 380 og kr 378 068 ikkje kan dokumenterast at kommunen har konkurranseeksponert kjøpa i form av prisinnhenting eller liknande. Det er ikkje lagt fram protokoll etter FOA § 3-2 nr 2 på kjøpet. Det er ikkje lagt fram skatteattest eller HMS – erklæring frå leverandør jf FOA §§3-3 nr 1 og 3-4

I eit kjøp knytt til leige av maskin nytta til vegvedlikehald på kr 153 468 og kr 173 460, er attendemeldinga frå administrasjonen at det skal være lagt fram tilbod tidlegare og at tilbydaren har oppretthalde same pris fram til nytt tilbod i 2013. Dette er ikkje dokumentert med skriftleg underlag.

Funn

- Vi konstaterar at det for innkjøp knytt til leige av maskin for vegvedlikehald på kr 153 468 og kr 173 460 ikkje kan dokumenterast at kommunen har konkurranseeksponert kjøpet i form av tilbodsinnhenting eller liknande. Det er ikkje lagt fram protokoll etter FOA § 3-2 nr 2. Det er ikkje lagt fram skatteattest eller HMS – erklæring frå leverandør jf. FOA §§ 3-3 nr 1 og 3-4

I eit kjøp knytt til reparasjon av ein kommunal veg på kr 142 569 er tilbakemeldinga frå administrasjonen dokumentert med at det har vore eigen tilbodsprosess med innhenting av prisar frå 3 leverandørar.

Funn

- Det er vedlagt eigen protokoll som syner innleverte tilbod og val av leverandør. Vi har ikkje merknader til dette kjøpet.

Det siste kjøpet vi bad om svar på, gjaldt eit kjøp av varer til bruk i vegvedlikehald. Kjøpet utgjorde kr 228 140. I attendemeldinga frå administrasjonen går det fram at det skal innhentast prisar frå fleire leverandørar i samsvar med regelverket. Kommunen har ikkje funne skriftleg utlysing eller dokumentasjon på prisinnhenting i dette kjøpet.

Funn

- Vi konstaterar at det for innkjøp av innsatsmateriell til bruk i vegvedlikehald på kr 228 140 ikkje kan dokumenterast at kommunen har konkurranseeksponert kjøpet i form av tilbodsinnhenting eller tilbodsutlysing. Det er ikkje lagt fram protokoll etter FOA § 3-2 nr 2. Det er ikkje lagt fram skatteattest jf. FOA § 3-3.

I tilbakemeldinga på våre spørsmål vert det for mange av våre spørsmål kring denne type kjøp synt til at Jølster kommune laga til ein invitasjon¹⁴ til open konkurranse. Konkurransesgrunnlaget gjaldt for leige av maskiner, transport og kjøp av massar for 2013 og 2014.

Vi fekk i oversendinga frå kommunen ein kopi av konkurransegrunnlaget. I konkurransegrunnlaget er alle vesentleg tilhøve kring ein framtidig kontrakt med kommunen medteke. Det gjeld opplysningar om tingar, tidsplan, krav til leverandørar, krav til ytinga, kontraktsvilkår, reglar for

¹⁴ Grunnlaget er datert 13.09.2013

konkurransегjennomføringa, fristar, om tilbodet og korleis konkurransen skal avgjerast. Det tyder at den/dei som har oppdrag med vegvedlikehald i 2014, er valt i samsvar med konkurransereglane i LOA og FOA.

10. VURDERING

Det vi kan konstatere er at det er manglar etter konkurranseregelverket for tilsaman kr 1 268 627 av totalt kr 9 326 594. Det utgjer ein feilprosent på kontrollerte kjøp på ca 13,5 %

Etter vår oppfatning er dette talet for høgt. Det gjev etter vår oppfatning grunn til å undersøkje korleis dei andre einingane etterlever konkurransereglane i LOA og FOA. Det er ein etter vår oppfatning uheldig om feil og manglar i ligg over 10% målt i kroner og øre på totale kjøp i kommunen. Det er alltid ein risiko for at kommunen kan bli innklaga KOFA¹⁵ og domstolane om ein kjøpsprosess vert påklaga.

Det vi samstundes også registrerer er at kommunen har iverksett forbetringstiltak for å sikre at innkjøp skjer på ein korrekt måte. Det er etter vår meining risikoreduserande og bra at Jølster kommune laga til ein open konkurranse for leige av maskiner, transport og kjøp av massar i fjor haust. Det som etter vår oppfatning då også vert viktig, er at kommunen har full kontroll på dokumentasjonen i innkjøpsprosessane og at ein sørgjer for å ha eit godt system for gjenfinning av dokumenta. Gode arkivrutiner er i så måte etter vår vurdering heilt sentralt. Vi er klår over at kommunen er i ferd med å bli ein «elektronisk» kommune, og vi meiner difor at det i framtidig val av system bør fokuserast på korleis ein arkiverer og finn igjen viktige dokument,

Når det gjeld dei spesifikke merknadane vi har synt til i faktadelen over, er det etter vår vurdering ikkje tvil om at kommunen har brote fleire sentrale konkurransereglar. Det at kommunen ikkje kan legge fram dokumentasjon på prisinnhenting, utlysing/, manglande protokollar, skatteattestar og HMS- erklæringar samsvarar ikkje med reglane LOA og FOA.

Etter vår oppfatning er det positivt at rådmannen i samtalar med oss, understrekar at han vil ta tak også i innkjøp i sitt kvalitetsforbetningsarbeid. Slik vi ser det er det naudsynt. Det er slik vi ser det naudsynt av mange årsaker. Naudsynt fyrst og fremst fordi kommunen kan risikere økonomisk tap om ein gjer alvorlege feil i ein innkjøpsprosess dersom ein skulle bli dømd. Andre vesentleg moment er likehandsaming av leverandørar og omdøme til kommunen. Vi meiner gode innkjøpsrutiner også kan bidra i arbeidet med å profesjonalisere innkjøp. Ved å gjere plandelen av eit innkjøpsarbeid grundig, kan ein kommune få ein medveten haldning til å sjølv definere det gode kjøp. Vi meiner gode rutiner kan medverke til innsparing i kroner og øre og meirverdi i kommuneadministrasjonen i form av forbetra plan- og førebuingssprossar og auka kompetanse som tingar.

Konklusjon

Kontrollen av innkjøp gjort på ansvar 620 og 621 for 2013, syner manglande dokumentasjon på etterleving av konkurransereglane i LOA i 6 kontrollerte kjøp med totalverdi på kr 1 268 627.

Det vart hausten 2013 gjort tiltak i form av invitasjon til open konkurranse på dei områda vi har kontrollert i denne revisjonen.

Tilråding:

- **Vi meiner rådmannen bør undersøke korleis stoda på innkjøpspraksis er også på andre einingar i Jølster kommune, Vi tilrår at det vert vurdert å internkontrollere i kva grad til dømes rammeavtalar vert etterlevd, og kartleggje i kva grad det er naudsynt å oppdatere/skulere tilsette i innkjøp.**

¹⁵ Sjå vårt vedlegg merka vedlegg 3 kring KOFA .


11. RÅDMANNEN SINE KOMMENTARAR TIL HØYRINGA

Rådmannen har desse merknadene til høyringa på forvaltningsrevisjons-rapporten:

- 1) Har rådmannen kommentarar til **informasjonen** revisor gav på oppstartsmøtet om føremålet med forvaltningsrevisjonen og den vidare saksgangen, eller til referatet frå oppstartsmøtet?
 - 2) Har rådmannen kommentarar til revisor si **innhenting av data** i kommunen i samband med forvaltningsrevisjonen? I tilfelle kva?
 - 3) Har rådmannen kommentarar til **revisjonskriteria** som ligg til grunn for konklusjonane våre? I tilfelle kva?
 - 4) Kva er rådmannen sine samla vurderingar av rapportens **konklusjonar** og **tilrådingar**?
 - 5) Vil rådmannen vurdere **framlegg til tiltak** på bakgrunn av anbefalingar i rapporten der desse måtte vere gjeve? I tilfelle kva?
 - 6) Korleis vurderer rådmannen **oppbygging og språkbruk** i rapporten?
- Har rådmannen **andre** merknader?

Denne rapporten er utarbeidd av Charles Litsheim, KRYSS Revisjon

Førde, den 04.12.2014





Kryssrevisjon
Postboks 487
6801 FØRDE

Ikkje offentleg
Utsett innsyn, off.lova § 5

Vår ref
BOTV 14/349 - 2

Dykkar ref

Arkiv
216

Dato
27.11.2014

Forvaltningsrevisjon - Innkjøp. Rådmannen sine kommentarar til høyringa

Rådmannen har fått utkast til «Forvaltningsrevisjonsprosjekt – innkjøpsrutinar for Plan og næring i Jølster kommune» til uttale frå Kryss Revisjon.

Kryssrevisjon ber om rådmannen sine merknader til utkast til rapport etter fastlagt oppsett.

Rådmannen har følgjande merknader til dei spørsmåla Kryss Revisjon stiller.

«1) Har rådmannen kommentarar til **informasjonen** revisor gav på oppstartsmøtet om føremålet med forvaltningsrevisjonen og den vidare saksgangen, eller til referatet frå oppstartsmøtet?»

Ingen merknad.

«2) Har rådmannen kommentarar til revisor si **innhenting av data** i kommunen i samband med forvaltningsrevisjonen? I tilfelle kva?»

Ingen merknad.

«3) Har rådmannen kommentarar til **revisjonskriteria** som ligg til grunn for konklusjonane våre? I tilfelle kva?»

Ingen merknad.

«4) Kva er rådmannen sine samla vurderingar av rapportens **konklusjonar** og **tilrådingar**?»

Rådmannen er i hovudsak samd i konklusjonar og tilrådingar i rapporten. Rådmannen meiner likevel det er lite føremålstenleg å bruke ressursar på å undersøkje innkjøpspraksis i andre einingar, jfr. tilråding i pkt. 10 i rapporten. Rapporten konkluderer i pkt. 9 med at regelverk og internkontrollsystem ikkje stettar krava i kommunelova § 23 nr. 2 om «betryggande kontroll». Etter rådmannen si vurdering er det føremålstenleg å bruke ressursar i samsvar med pkt. 5, framfor ytterlegare kontroll av praksis.





Jølster kommune

6843.Skei i Jølster

tlf. 57 72 61 00

postmottak@jolster.kommune.no

«5) Vil rådmannen vurdere **framlegg til tiltak** på bakgrunn av anbefalingar i rapporten der desse måtte vere gjeve? I tilfelle kva»

Tiltak	Frist
Oppdatering av økonomireglement	01.07.15
Utarbeide eige innkjøpsreglement	01.04.15
Inngå fleire rammeavtaler gjennom SFFI	Løpande
Opplæring av tenesteleiarar og bestillarar i innkjøpsreglement og lovverk	01.07.15

«6) Korleis vurderer rådmannen **oppbygging og språkbruk** i rapporten?»
Ingen merknad

Med helsing

Børge Tvedt
Rådmann
57726104



12. REFERANSAR

Lov og forskrift om offentlige anskaffelser
Difi.no
Økonomireglement Jølster kommune
Offentleg anskaffingar – Innkjøpsrutinar for Jølster kommune
www.KOFA.no
Divere e-postutveksling mellom revisor og Jølster kommune
Administrativt delegeringsreglement Jølster kommune

VEDLEGG I

13. RETTSLEG FORANKRING AV REVISJON OG FORVALTNINGSREVISJON

Kravet om *revisjon* av kommunal verksemd er heimla i Kommunelova § 78, og i Forskrift om revisjon i kommuner og fylkeskommuner, fastsett av KRD den 15. juni 2004.

Forvaltningsrevisjon er ein sjølvstendig disiplin innan revisjonsfaget, og er rettsleg forankra i Kommunelova § 78 og Forskrift om revisjon, § 6. I Forskrift om revisjon § 7 vert det fastslått at intensjonen med ein forvaltningsrevisjon er å gjennomføre *systematiske vurderingar av økonomi, produktivitet, måloppnåing og verknader* ut frå kommunestyrets eller fylkestingets vedtak og føresetnader. Vidare at forvaltningsrevisjonen skal skje etter god kommunal revisjonsskikk og etter anerkjende standardar. I dette prosjektet er den såkalla ”**RSK 001 – standard for forvaltningsrevisjon**” (pr. 01.02.2011) nytta som basis for å svare på tinginga, om ikkje anna er presisert.

Uavhengigvurdering av prosjektdeltakarane i denne forvaltningsrevisjonen

I RSK 001 punkt 8 er det eit ufråvikeleg krav til at revisor skal være uavhengig og objektiv i utføringa av revisjonsarbeidet. For kvart forvaltningsrevisjonsprosjekt skal det gjerast ei vurdering av om revisor er uavhengig.

Vi har nytta kommunelova § 79 og forskrift om revisjon mv § 13 som grunnlag for vår uavhengigvurdering. Det er etter kriteria i ovannemnde rettskjelder ikkje tilhøve som svekkjer vår uavhengigheit, slik vi vurderer det, korkje ved oppstart av eller langs med i utføringa av denne konkrete forvaltningsrevisjonen: Vi har ingen nærstående jf kl § 79, 2.ledd som innehar stilling eller interesser i reviderte kommune; det er ingen tilsette som har stilling utanom KRYSS – revisjon, ingen av oss har styreverv i kommunale verksemdar eller eigeninteresser i anna verksemd som kan påverke oss i utføringa av revisjonen.

VEDLEGG II

14. REVISJONSKJELDER OG -KRITERIUM

Generelt

KRYSS-Revisjon har nytta anerkjende metodar for forvaltningsrevisjon i arbeidet med dette forvaltningsrevisjonsprosjektet. Dei anerkjende metodane er å finne i RSK 001, og fagartiklar med utgangspunkt i denne standarden. I RSK'en heiter det mellom anna:

- ❖ I RSK 001, pkt 21, heiter det om **problemstillingar** i det enkelte forvaltningsrevisjonsprosjekt m.a. at *revisor må ta utgangspunkt i bestillinga frå kontrollutvalet og sikre at problemstillinga er eigna til å svare på bestillinga.*
- ❖ I RSK 001, punkt 24, er dei – generelt – viktigaste **kjeldene** for aktuelle revisjonskriterium ved forvaltningsrevisjonar lista opp, og her blir nemnt mellom anna: Lover, forskrifter, forarbeid, rettspraksis, politiske vedtak, mål og føringar, administrative retningslinjer mV. I mange tilfelle vil ”beste praksis” også kunne fungere som eit revisjonskriterium.
- ❖ RSK 001, punkt 22 seier at **revisjonskriteria** er dei *krav og forventningar som forvaltningsrevisjonsobjektet skal reviderast/vurderast i forhold til.* Revisjonskriteria skildrar altså korleis det som blir undersøkt, *bør* fungere eller være. Revisjonskriteria dannar såleis eit målegrunnlag som relevante faktiske tilhøve innafor området problemstillinga dekkjer, vert vurdert og målt mot, for å kunne trekkje konklusjonar basert på funna i revisjonen.
- ❖
- ❖ RSK 001, pkt 23 seier at desse revisjonskriteria skal vere *grunngeve i, eller utleia av, autoritative kjelder* innanfor det reviderte området.

Revisjonskjelder og -kriterium i dette prosjektet

Rammeverket for utarbeiding av revisjonskriterium i dette prosjektet er lover og føreskrifter, anerkjende prinsipp for økonomistyring, politiske vedteke rutineverk og administrativt rutineverk m.a. i økonomihandboka til kommunen.

Utleiing: Frå kjelder til kriterium

Nedanfor vil vi først gå gjennom rammeverket for og til slutt dei konkretiserte revisjonskriteria som er lagt til grunn for undersøkinga.

Hovudkjelda i denne forvaltningsrevisjonen er KommuneLOVA og Lov om offentlege anskaffingar. Det står i kommunelova § 23 nr 2, at administrasjonssjefen eller rådmannen skal syte for at administrasjonen vert drifta i samsvar med lover, forskrifter og overordna instruksar og at han er gjenstand for betryggande kontroll.

Betryggande kontroll jf kommunelova § 23 nr. 2

I kommunelova § 23 finn ein administrasjonssjefen sine oppgåver og mynde. I kl § 23 nr 2 vert administrasjonssjefen gjort ansvarleg for at administrasjonen vert drifta i samsvar med lover, forskrifter og overordna instruksar. Det er vert også eksplisitt sagt at administrasjonssjefen er ansvarleg for at administrativ drift er gjenstand for betryggande kontroll.

For å kunne fastslå om administrasjonssjefen utfører sitt arbeid og leiing etter kl § 23 nr. 2 må det føreliggje eit dokumentert styringssystem i form av reglement, rutiner, instruksar og andre moglege styringsdokument. Ein annan sentral føresetnad for å kunne vurdere om drifta er gjenstand for betryggande kontroll er om styringssystemet vert etterlevd. Det er i hovudsak to aktørar som utfører slik kontroll.

1: Etter kommunelova § 78 skal kommunen bli revidert av ekstern revisor. I forskrift om revisjon i kommuner og fylkeskommuner § 3 b tredje ledd vert det slått fast at revisor i den grad det følgjer av

god kommunal revisjonsskikk, skal gjøre en vurdering av den interne kontroll i kommunen. Revisor har med denne regelen ein plikt til å vurdere og då gjere revisjon mot internkontrollen, som er ein viktig del av rådmannen sitt styringssystem.

2: Den administrative interne eigenkontrollen. Lovverket stiller administrasjonssjefen ganske fritt i å organisere og gjennomføre eigenkontrollen. I Jølster kommune har rådmannen lagt sine premisser for kva, korleis og på kva måte eigenkontrollen skal vere gjennom innhaldet i styringsdokumentet "Eigenkontroll- Orden i eige hus".

Basert på kommunelova sitt krav om betryggande kontroll vert vår vurdering av kommunen sin systemkontroll målt mot kravet om dokumentert internkontroll, kravet om ekstern revisjon¹⁶ og rådmannen sin eigenkontroll.

Hovudprinsipp i lov og forskrift om offentlege anskaffingar

Lov om offentlege anskaffingar (LOA) og tilhøyrande forskrift (FOA) er rammeverket for korleis det offentlege skal gjere sine innkjøp. LOA sin føremålsparagraf (§ 1) seier mellom anna at det ikkje er anledning til å ta andre omsyn enn dei nemnt i paragrafen i innkjøp. Det tyder at omsyn til lokalt næringsliv¹⁷ ikkje er eit gangbart kriterium når ein kommune skal gjere eit innkjøp.

Dei grunnleggjande vilkåra og krava til alle innkjøp uavhengig av sum framgår av LOA § 5. Desse er mellom anna:

- Ei anskaffing skal så langt mogleg vere basert på konkurranse.
- Krav til føreseielegheit er naudsynt for å skape tillit og auka konkurranse. Det kan best oppnåast ved å gje rett informasjon om premisser og vilkår for prosedyrane for innkjøpsavgjerda.
- Krav til transparens inneber at innkjøpsprosessen må vere open for å kunne sikre kravet om likehandsaming av tilbyderane.
- Krav til at prosessen er etterprovbar inneber at alle fasar av eit innkjøp er dokumentert skriftleg i form av protokollar eller andre dokument ved mindre kjøp.

Kva del av forskrifta gjeld ?

Kva prosedyrar som skal nyttast og kva delar for FOA som er relevant, vert hovudsakleg bestemt av samla verdi på anskaffinga (eks mva).

Del 1 av forskrifta gjeld alle anskaffingar som vert omfatta av forskrifta, uavhengig av verdi. Ved anskaffingar opp til kr 500 000 (omtala som direkte anskaffingar) kan kommunen velje å nytte berre denne delen av forskrifta.

I nokre tilfelle kan kommunen velje å nytte berre del I i forskrifta om anskaffinga har ein verdi på mellom 500 000 og 1,6 mill. kr. Dette gjeld i dei tilfelle dersom det kun finst ein leverandør i markedet, om det er ei hasteanskaffing og om eit tilbod frå ein leverandør er usedvanleg fordelaktig for kommunen. Sjå FOA § 2-1 (2). Kommunen kan også velje å berre nytte del I av forskrifta i kontrakter om utføring av helse- og sosialtenester som vert kjøpt frå ein ideell organisasjon. Sjå FOA § 2-1 (3).

Elles gjev FOA få uttalte krav til korleis ei anskaffinga skal gjerast. Det er mellom anna ikkje stilt krav til kunngjering etter FOA del I. For anskaffingar mellom 500 000 og 1,6 mill.kr (for bygge- og

¹⁶ Jølster kommune har ekstern revisjon. Revisor har pr dato ikkje ferdigstilt sitt arbeid med rekneskapsrevisjon. Revisor sitt arbeid med internkontroll som eige kriterium vert ikkje handsama separat og sjølvstendig i denne forvaltningsrevisjonen

¹⁷ FOA § 3-1 (2)

anleggskontrakter 40,5 mill. kr) gjeld FOA del II i tillegg til del I. Det krevst nasjonal kunngjering på Doffin¹⁸ for slike innkjøp.

Anskaffingar over 1,6 mill. kr vert omfatta av forskrifta del I og III. Desse skal utlysast i heile EØS – området. Ei slik utlysing må i tillegg til utlysning i Doffin basen også utlysast i TED.¹⁹

Alle anskaffingar over 100 000,- skal dokumenterast med protokoll. Forenkla protokoll for kjøp mellom 100 000 og 500 000 og fullstendig protokoll for kjøp over 500 000,-.

Det er viktig for alle kjøp, også dei under 100 000,- at kommunen dokumenterer skriftleg dei vurderingar som har hatt tyding for gjennomføringa av konkurransen, slik at tredjeperson eller klageorgan i ettertid kan få ei god forståing av vurderingane gjort av kommunen i sitt val av leverandør.

Tabell 2

Verdi av anskaffinga	FOA	Kunngjering	Prosedyrar	Dokumentasjon
0-500 000 kr	Del I	Ingen krav	Valfritt	0-100 000,- ikkje protokollplikt, men kravet til at etterprovbarheit gjeld. Kjøp over 100 000,- protokollplikt.
500 000- 1,6 mill kr	Del I og II	Nasjonal kunngjering (Doffin)	- Open anbudskonkurranse - Begrensa anbudskonkurranse - Konkurrans med forhandling	Protokoll
Over 1,6 mill kr	Del I og III	EØS-området (TED)	- Open anbudskonkurranse - Begrensa anbudskonkurranse - Konkurransprega dialog - Konkurrans med forhandling	Protokoll

Reglane om berekning av terskelverdiar er fastsatt i forskrifta § 2-3. Hovudregelen er at verdien på ei anskaffing vert rekna på grunnlag av samla sum kommunen skal betale. Dersom anskaffinga inneheld fleire kontraktar, skal verdien av alle kontraktane leggst saman. Sjå FOA § 2-3 (1). Eit innkjøp kan ikkje delast opp for å unngå reglane i forskrifta jf. FOA § 2-3 (4). I same forskrift § 2-3 (8) går det fram at dersom ein kommune kjøper einsarta varer eller tenester, skal verdien av desse summerast. Nærare presisert tyder dette at verdien på ei kontrakt inklusiv eventuelle opsjonar skal bereknast for heile avtaleperioden.

¹⁸ Doffin er ein nasjonal database

¹⁹ TED er kort forklara EU sin database for utlysning av mellom anna anbudskonkurransar innan Eu og EØS – området ein databank

Innafor eller utanfor rekkevidda av anskaffingsregelverket.

I utgangspunktet må ein kommune i forkant av eit kjøp vurdere forholdet til regelverket om anskaffingar.

Noko forenkla kan ein seie at anskaffingsregelverket gjeld i alle tilfelle der kommunen kjøper varer, tenester eller byggje- og anleggsoppdrag frå sjølvstendige rettssubjekt²⁰, med unnatak for desse tilfella:

- Om oppgåvene er tildelt i det som vert kalla utvida eigenregi. Reglane om utvida eigenregi er utvikla av EU – domstolen.

I praksis tyder dette at ein kommune kan tildele eit oppdrag til eit IKS om IKS'et har 90 % eller meir av si omsetning til sine eigarar. Det same gjeld for heileigd kommunalt AS, med same omsetningskrav som for IKS. Interkommunale samarbeid etter kommunelova § 27 vert også under visse føresetnader omfatta av unntaket.

- I dei tilfelle der oppgåvene er utført av ein annan offentleg verksemd som inngår i eit samarbeid med kommunen (offentleg – offentleg samarbeid). Også dette unnataket er utvikla gjennom EU – domstolen.

I dette ligg det at dommen i den såkalla «Stadtreinigung Hamburg» saka opnar for at anskaffingar som ikkje fell inn under det utvida eigenregi kravet og heller ikkje er ei anskaffing som inneber myndeutøving likevel ikkje vert omfatta av reglane for offentlege anskaffingar.

- Om dei tenester som vert anskaffa vert omfatta av dei såkalla myndeoppgåvene, dvs oppgåver der kommunen på ein eller anna måte utøver offentleg mynde. Typisk for desse oppgåvene er dei ofte ikkje kan fritt utførast av private næringsdrivande²¹

Dette unnataket frå virkeområdet til LOA kan gjelde til dømes samarbeid om gjennomføring av barnevernet sine einskildvedtak og oppgåver knytt til omsorgsovertaking. Andre døme kan vere skatteinnkrevjing og kommunale einskildvedtak knytt til tildeling av helse- og omsorgstenester.

Dei utvalde revisjonskriteria vil såleis bli henta frå lov- og forskriftsparagrafane og dokument utarbeidd av myndigheitsorgan med visning til lovverket. Kriteria vil verte vist til der dei naturleg høyrer heime i faktaskildringa og sjølvsgt i vurderingane.

Kjøp av varer og tenester som er omfatta av rammeavtale

I delegasjonsreglementet punkt 2. om tilvising- og innkjøpsmynde, underpunkt 2.2 står det at teneste- og stabsleiar er pliktig til å følgje opp dei avtalar kommunen har inngått. Vidare vert det synt til at retningsliner i Internkontroll for økonomiområdet skal følgjast ved bruk av tilvisingsmynde og innkjøpsmynde. I Internkontroll for økonomiområdet punkt 7 vert de sagt at den innkjøpsansvarlege skal sjå etter at innkjøp skjer i samsvar med sentrale kommunale innkjøpsavtaler.

Kriteriet i vår kontroll mot kontrollerte einingar, vert difor inngåtte innkjøpsavtalar gjennom medlemskapen i SFFI.

²⁰ Eit rettssubjekt er ei eining som kan få rettigheter og pådra seg plikter i henhold til rettsreglane. Rettssubjektet kommune inkluderar alle kommunale einingar/etatar og evt kommunale føretak. Kommunalt eigde selskap vert ikkje omfatta av rettssubjektet kommune

²¹ Jf EØS avtalen artikkel 39, jf artikkel 32

VEDLEGG NR III

KOFA²²

Klagenemnda for offentlege anskaffingar (forkorta KOFA) består av ei nemnd og eit sekretariat på totalt ti medlemmar. Nemnda er oppnemnt av Regjeringa og er samansett av advokatar og folk henta frå domstolane og universiteta.

Administrativt er sekretariatet ein del av Konkurransetilsynet og held til i tilsynet sine lokale i Bergen. Fagleg er sekretariatet imidlertid underlagt klagenemnda. Enkelte avgjerder er tillagt sekretariatet, mellom anna kompetanse til å avvise klager. Sekretariatet sine beslutningar kan påklagast til leiar av klagenemnda.

KOFA er eit organ som handsamar klager om brot på LOA. KOFA skiljer klagen i rådgevande saker og gebyrsaker (direkte ulovlege anskaffingar). Vi siterer her frå heimesida til KOFA « *Rådgivende saker er klager på anskaffelsesregelverket der KOFA kun gir en rådgivende uttalelse om regelverket er brutt. For å kunne klage, kreves det såkalt saklig klageinteresse. Leverandører som har deltatt i en konkurranse om offentlige anskaffelser har saklig klageinteresse. Det samme gjelder leverandører som ønsker å delta i en konkurranse, men som mener at han på ulovlig vis har mistet muligheten til å delta.*

Det er et gebyr på 8000,- kroner for klagen. «

Vidare definerar KOFA gebyrsaker slik: « *Gebyrsaker er klager på ulovlige direkte anskaffelser. Dersom det offentlige (oppdragsgiver) anskaffer en vare eller tjeneste med verdi over 500.000 kroner uten å kunngjøre en konkurranse, kan dette i mange tilfeller utgjøre en ulovlig direkte anskaffelse.*

Alle kan bringe denne type saker inn for klagenemnda - det ordinære kravet til saklig klageinteresse gjelder ikke.

Det er et gebyr på 1000,- kroner for klagen. KOFA har siden 1. januar 2007 hatt myndighet til å ilegge overtredelsesgebyr for ulovlige direkte anskaffelser. Gebyrets størrelse kan være inntil 15 prosent av anskaffelsens verdi.

De "gamle" reglene vil således fortsatt gjelde for ulovlig direkte anskaffelser der kontrakter inngått før 1. juli 2012 kunne ilegge overtredelsesgebyr for ulovlig direkte anskaffelser, når kontrakten er inngått før denne datoen.

Det betyr at Kofa fortsatt i en overgangsperiode vil kunne ilegge overtredelsesgebyr for ulovlig direkte anskaffelse, når kontrakt er inngått før denne dato.»

Verdt å merke seg er at mynda til å bøtelegge vart overført til domstolane på kontrakter inngått etter 1. juli 2012.

Nemnda skal bidra med å løyse tvistar om offentlege anskaffingar på ein uhilda, grundig og effektiv måte. Ei klage frå ein leverandør i tilfelle der det føreligg dom, eller det er meir enn seks månader sidan kontrakten vart inngått, vert avvist. Ein uttale frå KOFA i ei klagesak er ikkje juridisk bindande, men gjev eit så klårt signal at han vert lagt til grunn i dei aller fleste tilfelle.

Mellom anna kan vi nemne at i ei sak for domstolen, er det normalt å tillate framlegging uttale frå KOFA i saka.

²² For nærare informasjon om KOFA sjå: FOR 2002-11-15 nr 1288: Forskrift om klagenemnd for offentlige anskaffelser

SEKOM-sekretariat

Saksgang Jølster kontrollutval	Møtedato 17.12.2014	Saksnr 025/14
--	-------------------------------	-------------------------

Sakshandsamar: Audhild Ragni Vie Alme	Arkiv: FE-217	Arkivsaknr.: 14/232
---	-------------------------	-------------------------------

Prosjektplan: Forvaltningsrevisjon - oppfølging av sjukefråvær

Vedlegg:

Dok.dato 26.09.2014	Tittel Prosjektplan - Oppfølging av sjukefråvær - Jølster kommune	Dok.ID 528
-------------------------------	---	----------------------

Tilråding:

(Kontrollutvalet gjer endeleg vedtak).

Prosjektplan datert 26.9.2014 frå KRYSS Revisjon for - Oppfølging av sjukefråvær – Jølster kommune, vert godkjent.

.

Saksutgreiing:

Jølster kontrollutval gjorde følgjande vedtak i sak 017/14 Forvaltningsrevisjon – val og tinging av nytt prosjekt, i møte 12.9.2014:

- Kontrollutvalet tingar, Oppfølging av sjukefråvær, som neste forvaltningsrevisjonsrapport av KRYSS-revisjon.*
 - Formålet er å få kjennskap til om Jølster kommune har system for rapportering av sjukefråvær og oppfølging av sjukemeldte.*
 - Kontrollen skal avgrensast til kontroll av 2014.*
 - Leveringsfrist 1. mai 2015.*
- KRYSS-revisjon vert kalla inn til neste møte 11. november 2014, for å gje tilbakemelding på tinginga, og legge fram plan for forvaltningsrevisjonsprosjektet.*

Vedtaket vart sendt til KRYSS Revisjon i e-post datert 15.9.2014. SEKOM-sekretariat mottok prosjektplan frå KRYSS Revisjon v/Stig Årdal i e-post datert 26.9.2014.

Oppsett møte 11. november vart seinare flytta til 3. desember, og deretter til 17. desember.

Kontrollutval Jølster kommune
Ved SEKOM sekretariat
6800 Førde

Dykkar ref.:

Vår ref.:
SÅ

Arkivkode:
216

Journalnr.:
025/14

Dokumentdato:
26.09.2014

PROSJEKTPLAN – Oppfølging av sjukefråvær - Jølster kommune

DOKUMENTOPPLYSNINGAR:

Tittel på prosjektet:	<i>Oppfølging av sjukefråvær</i>
Tingar:	Kontrollutvalet i Jølster kommune/Sekom sekretariat Saksnr 017/14
Revisjonseining:	Kryss Revisjon
Oppdragsansvarleg:	Forvaltningsrevisor Stig Årdal
Dato for prosjektplanen:	26.09.2014
Versjon av prosjektplan	Versjon 1

TINGINGA – KONKRET:

Aktuelle problemstillinger:	Kontrollere at Jølster kommune har system for rapportering av sjukefråvær og oppfølging av sjukmeldte.
	<i>Aktuelle konkretiserte problemstillinger:</i> Kontrollere at Jølster kommune har system for: - Varsling frå sjukemeldt om sjukefråvær, og fråværsregistrering av arbeidsgjevar - Sjukefråværsrapportering i lønssystemet - Innkrevjing av refusjon frå NAV - Oppfølging av sjukmelde

Avgrensing:	Kontrollen skal avgrensast til 2014
Revisjonskjelder/ kriterium	Kommunelov Arbeidsmiljølova Folketrygdelova Ia-avtale Personalhandbok eller andre relevante administrasjonsinterne rutinar knytt til sjukefråvær.
Metodebruk	Dokumentanalyse – lover, forskrifter, avtalar og rutineverk. Intervju/samtalar med aktuelle administrativt tilsette
Tidsbruk i prosjektet	Jf tinging frå kontrollutval som basis

Tidsbruken er planlagt og estimert slik:

TIDSBRUKEN I PROSJEKTET:	
Arbeidsoppgåver:	Timebruk:
Oppstartsmøte inkl føregående sakshandsaming, reisetid og etterarbeid (presisering/avgrensing av prosjektet)	14 timar
Innsamling av data i høve dokumentanalysen	40 timar
Førebuing/utarbeiding av skjema for intervju/samtale	25 timar
Intervju og samtalar med utvalde tilsette	37,5 timar
Strukturering og bearbeiding av intervju/samtalar	30 timar
Rapportskriving	95 timar
Avsluttande arbeid inkl handsaming og møte i kontrollutvalet	25 timar

Milepælar i prosjektet

1. Formell oppstart av forvaltningsrevisjonen med innkalling til møtet, gjennomføring av møtet, og etterarbeid etter dette møtet, m.a.o. skriving av møtereferat og avklaring av tingingsdokumentet.
2. Innsamling av dokumentasjon for vidare analyse.
3. Skrivefase
4. Rapportutkastet med høyringsrunde.
5. Etterarbeid etter høyringsrunde.
6. Oversending av endeleg rapport til kontrollutvalet - 01.05.2015
7. Evt møtedeltaking i samband med handsaming av rapporten.

Tidsrom

Vi reknar med å vere ferdig med prosjektet innan tidsfristen sett i tinginga.

Framdrift i forhold til milepælane kan rapporterast til kontrollutvalet i form av e-postar til sekretariatet. Det vert å gjere i samarbeid med sekretariatet, og kan tilpassast undervegs.

Mvh

Stig Årdal

Forvaltningsrevisor

KRISTIANSTAD
Kommunerevisjonen i
Ytre Sogn og Sunnfjord

SEKOM-sekretariat

Saksgang Jølster kontrollutval	Møtedato 17.12.2014	Saksnr 026/14
--	-------------------------------	-------------------------

Sakshandsamar: Audhild Ragni Vie Alme	Arkiv: FE-216	Arkivsaknr.: 14/319
---	-------------------------	-------------------------------

Orientering om rekneskapsrevisjon for 2014

Vedlegg:

Tilråding:

(Kontrollutvalet gjer endeleg vedtak).

Kontrollutvalet tek orienteringa frå KRYSS Revisjonen om rekneskapsrevisjonen for 2014 til vitande.

.

Saksutgreiing:

I kontrollutvalssak 04/10 Kontrollutvalsarbeid - tiltak, som står på oppfølgingslista, er eit av punkta i vedtaket som følgjer:

Kontrollutvalet vil be KRYSS-revisjon orientere om status i revisjonsarbeidet kring finansrevisjon ein til to gonger i året. Vidare vil kontrollutvalet be KRYSS-revisjon om ei generell orientering om revisjonsarbeidet.

Etter § 6 i forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar skal kontrollutvalet sjå til at årsrekneskapen vert revidert på ein betryggande måte. **Under dette halde seg orientert om revisjonsarbeidet** og sjå til at dette føregår i samsvar med dei vedtekter som følgjer av lov og forskrift, god kommunal revisjonsskikk og kontrollutvalet sin instruks eller avtale med revisor.

SEKOM-sekretariat har i den samanheng førespurt KRYSS Revisjon v/Kari Sygna om ho har høve til å orientere om status i revisjonsarbeidet på møte i kontrollutvalet 17. desember. Kari Sygna kan møte og orientere om arbeidet som vert gjort i samband med rekneskapsrevisjon for 2014 i Jølster kommune.

SEKOM-sekretariat

Saksgang Jølster kontrollutval	Møtedato 17.12.2014	Saksnr 027/14
--	-------------------------------	-------------------------

Sakshandsamar: Audhild Ragni Vie Alme	Arkiv: FE-040	Arkivsaknr.: 14/217
---	-------------------------	-------------------------------

Oppfølgingsliste 4-2014

Vedlegg:

Tilråding:

(Kontrollutvalet gjer endeleg vedtak).

Kontrollutvalet tar gjennomgangen av oppfølgingslista til orientering.

Saksutgreiing:

Status over saker som er handsama i kontrollutvalet og som utvalet skal følgje opp eller sjekke ut seinare.

Sak	Dato	Status
04/10 Kontrollutvalsarbeid - tiltak	15.2.2010	- Orientering om drifta på dei ulike områda - Tertialrapportar. - Tilsynsrapportar frå fylkesmannen - Kvalitetsrapportar revisor - Orientering frå revisor om revisjonsarbeidet(finans/generelt)
Forvaltningsrevisjonsprosjekt – Innkjøpsrutinar Plan og Næring	8.5.2013 12.9.2013 20.11.2013 12.9.2014 17.10.2014 4.12.2014	Sak 013/13 Val av prosjekt Sak 018/13 Tinging Sak 24/13 Prosjektplan Leveringsfrist: september 2014 Sak 016/14 E-post om utsett levering til 1. november E-post frå KRYSS Revisjon om utsett levering til 24. november. KRYSS Revisjon levert forvaltningsrevisjonsrapport.
03/14 Møteplan 2014 for kontrollutvalet i Jølster	7.3.2014 13.05.2014 20.10.2014 25.11.2014	Vedtak : Møteplan for kontrollutvalet i Jølster for 2014 vert godkjent med følgjande vidare datoar: 13. mai, 12. september og 21. november. Sak 14/14 møte 21. november er flytta til 11.november kl 9:00. E-post om flytting av møte til 3. desember. E-post om flytting av møte til 17. desember.
017/14 Forvaltningsrevisjon – val og tinging av nytt prosjekt	12.9.2014	Vedtak: 1. Kontrollutvalet tingar, Oppfølging av sjukefråvær, som neste forvaltningsrevisjonsrapport av KRYSS-revisjon. Formålet er å få kjennskap til om Jølster kommune har system for rapportering av sjukefråvær og

	15.9.2014 26.9.2014	oppfølging av sjukemeldte. - Kontrollen skal avgrensast til kontroll av 2014. - Leveringsfrist 1. mai 2015. 2. KRYSS-revisjon vert kalla inn til neste møte 11. november 2014, for å gje tilbakemelding på tinginga, og legge fram plan for forvaltningsrevisjonsprosjektet. Sendt til KRYSS Revisjon Fått plan frå KRYSS Revisjon																					
019/14: Budsjett for kontrollutvalet 2015	12.9.2014 15.9.2014 9.12.2014	Tilråding: Kontrollutvalet tilrår følgjande budsjett for drift av kontrollutvalet på teneste 11051: <table border="1"> <thead> <tr> <th>Konto</th><th>Tekst</th><th>Sum</th></tr> </thead> <tbody> <tr> <td>11600</td><td>Køyregodtgjersle</td><td>5 000</td></tr> <tr> <td>10800</td><td>Møtegodtgjersle</td><td>23 000</td></tr> <tr> <td>10990</td><td>Arbeidsgjevaravgift</td><td>2 000</td></tr> <tr> <td>11500</td><td>Kurs/seminar</td><td>10 000</td></tr> <tr> <td>11959</td><td>Kontingentar</td><td>1 500</td></tr> <tr> <td></td><td>Drift</td><td>41 500</td></tr> </tbody> </table> Sendt til Jølster kommune/kommunestyret. Sak 091/14 handsaming i kommunestyret 9.12.2014.	Konto	Tekst	Sum	11600	Køyregodtgjersle	5 000	10800	Møtegodtgjersle	23 000	10990	Arbeidsgjevaravgift	2 000	11500	Kurs/seminar	10 000	11959	Kontingentar	1 500		Drift	41 500
Konto	Tekst	Sum																					
11600	Køyregodtgjersle	5 000																					
10800	Møtegodtgjersle	23 000																					
10990	Arbeidsgjevaravgift	2 000																					
11500	Kurs/seminar	10 000																					
11959	Kontingentar	1 500																					
	Drift	41 500																					

SEKOM-sekretariat

Saksgang Jølster kontrollutval	Møtedato 17.12.2014	Saksnr 028/14
--	-------------------------------	-------------------------

Sakshandsamar: Audhild Ragni Vie Alme	Arkiv: FE-	Arkivsaknr.: 14/351
---	----------------------	-------------------------------

Eventuelt

Vedlegg:

Ingen vedlegg i saka.

Tilråding:

(Kontrollutvalet gjer endeleg vedtak).